



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Regional plan for verdiskaping

Vurdering av arbeidet så langt  
Justeringar for 4-årsperioden 2018-2021



Foto: Lefdal Mine Datacenter



# INNHALD

1.	INNLEIING	4
1.1.	«No fokuserer vi på det operative»	4
1.2.	Endringar i omgivnadene	4
1.3.	Statusvurdering. Eit tilbakeblikk	5
1.4.	Viktige endringar	6
1.5.	Overordna føringar og samanheng til nokre andre regionale planar	7
1.6.	Partnerskap	7
2.	STATUSRAPPORT	8
2.1.	Overordna mål	8
2.2.	Sogn og Fjordane i eit europeisk perspektiv	11
3.	SATSINGANE	12
3.1.	Fornybar energi	12
3.2.	Sjømatnæringane	15
3.3.	Reiseliv	19
3.4.	Olje og gass	22
3.5.	Landbruk	24
3.6.	Kunnskap	28
3.7.	Nyskaping - evne til å fange opp gode initiativ	33
3.8.	Justeringar innan Kunnskap og nyskaping	36
3.9.	Ansvar for gjennomføring. Partnerskapsavtalar	41

## 1. INNLEIING

### 1.1. «No fokuserer vi på det operative»

Verdiskapingsplanen har formell status som regional plan for perioden 2014-2025. Det vart laga ein fireårig handlingsplan for 2015-2018, med detaljerte årsplanar.

I tillegg ville fylkestinget ha ein industristrategi integrert i verdiskapingsplanen.

Dokumenta finst på [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no)

Oppdraget no er:

- Å gå gjennom kva vi har fått til
- Å drøfte justeringar
- Å få politisk godkjenning av rapporterte resultat og endringar

Det er ikkje tenkt at verdiskapingsplanen skal endrast i vesentleg grad. Vi ønskjer eit dynamisk plandokument. Mindre justeringar er også klarerte gjennom handlingsplanane.

Etter fire år er det naturleg å vurdere:

- Skjer det endringar i omgjevnadene som bør få konsekvensar for mål og prioritert innsats?
- Kan målformuleringane bli meir presise?
- Kva fungerer godt?
- Kva bør betrast?

Ei viktig endring er at Sogn og Fjordane frå 1. januar 2020 er del av eit nytt vestlandfylke. Vi ønskjer å gå inn i dette samarbeidet med styrefart og stø kurs. Ein fireårig handlingsplan vil gjelde til nye regionale planar for det nye fylket er på plass.

Derfor: «No fokuserer vi på det operative»

### 1.2. Endringar i omgjevnadene

Desse utfordringane står fram som svært viktige:

- Miljø- og klima
- Digitalisering og robotisering
- Fornyng av velferdstenestene

#### Om å finansiere kunnskapsdeling

Analysane i verdiskapingsplanen av 2014 gjeld framleis: Kunnskapssamfunnet Sogn og Fjordane treng betre infrastruktur for kunnskapsdeling. Regionale utviklingsmidlar over statsbudsjettet vert i stor grad brukt for å fremje kunnskapsdeling, der målet er nyskaping. Kunnskapsdeling er lite synleg. Løyvingane via statsbudsjettet er no reduserte. Dette er særleg lite gunstig for nyskapingarbeidet i distriktssamfunn som Sogn og Fjordane.

#### Smart spesialisering


Regional planlegging med mål om nyskaping og attraktive arbeidsplassar, er påverka av ein europeisk tradisjon kalla smart spesialisering. Det vert lagt vekt på fornyng av næringslivet, med utgangspunkt i grundige analyser av regional styrke.

Målet for prioriteringane er å legge til rette for at fleire næringar i regionen blir sterkare og at nye kjem til. Slik får vi fleire bein å stå på, og auka evne til omstilling.

Vi ønskjer å bruke smart spesialisering<sup>1</sup> som arbeidsform. Då vert det lettare å lære på tvers av landegrensar. Felles omgrep gagnar alt samarbeid over landegrensene.

Eit viktig element i smart spesialisering er forpliktande partnerskap, slik at vi trekker i same retninga. Partnerskap gjeld heile sirkelen vi ser her; ikkje berre samarbeid om strategisk planlegging, men også om gjennomføring og læring i lag.

Eksisterande Regional plan for verdiskaping har mange trekk av smart spesialisering



Partnerskapsarbeidet er ein heilskap.

<sup>1</sup> KMD lanserer i september 2018 ein rettleiar som sameinar smart spesialisering med norsk plantradisjon.

Smart spesialisering er nærare omtala i avsnittet om justert innsats innan kunnskap og nyskaping.



### 1.3. Statusvurdering. Eit tilbakeblikk

#### Viktige problemstillingar som er drøfta på politisk nivå.

Saker har vorte fremja etter kvart som problemstillingar vart politisk aktuelle. I tillegg har Næringsforum møtt Hovudutval for næring og kultur på hovudutvalsmøtet i oktober 2017, for å drøfte dei politiske sidene ved verdiskapingsplanen. Det er framlegg om å gjenta eit slikt møte i oktober 2018.

Politikarane får innsikt i arbeidet gjennom årsrapport og i einskildsaker. Dette dokumentet gir ei samanstilling av arbeidet så langt, med framlegg til justeringar.

Verdiskapingsplanen er eit uttrykk for kva fylkestinget ønskjer partnerskapen skal oppnå gjennom samarbeid. Noko er fag og noko er politikk. Nedanfor følgjer eit oversyn over utvalde problemstillingar som har vore fremja der politiske avklaringar har vore vurderte som særleg viktige:

Satsing: Kunnskap og nyskaping

Politisk organ: Fylkesutvalet

Sett på politisk dagsorden:

- Kompetansestrategiar for Sogn og Fjordane
- Midlar til breibandsatsing og andre regionale utviklingsmidlar
- Overføringar av nye oppgåver som del av regionreforma, til dømes oppgåver frå SIVA

Satsing: Landbruk

Politisk organ: Fylkesutvalet

Sett på politisk dagsorden:

- Innspel til jordbruksforhandlingane / Rovviltpolitikken

Satsing: Reiseliv

Politisk organ: Vestlandsrådet

Sett på politisk dagsorden:

- Cruise-strategi

Satsing: Sjømatnæringane

- Fylkesordførar i møte med Fiskeriministeren: Om endring i forskrift for å tillate landbasert akvakultur av laks og aure i nasjonale laksefjordar.
- Sett på dagsorden i HNK: Akvakultursamarbeid (FAKS) skal utvikle, styrke og effektivisere fylkeskommunane si akvakultur forvaltning ved å legge til rette for kompetanseutveksling, samordning og likebehandling på tvers av fylkesgrensene.

Satsing: Olje og gass

Politisk organ: Fylkesutvalet, vanlegvis etter handsaming i Petroleumsrådet

Sett på politisk dagsorden:

- Konsekvensutgreiing av nye utbyggingar vert sendt på høyring til mellom anna fylkeskommunane. Fylkesutvalet har i seinare tid sendt fråsegn i høve Snorre Expansion Project, Nova med fleire, og peikar i særleg grad på verdien av lokale ringverknadar.

Satsing: Fornybar energi

Sett på politisk dagsorden:

- Politiske prioriteringar og posisjonar vert i stor grad kanalisert gjennom Samarbeidande Kraftfylke. Sjå <http://www.kraftfylka.no/vi-mener/> for meir om aktuelle problemstillingar.

## Næringsforum sine vurderingar: Betringspunkt og viktige effektar av arbeidet

Denne oppsummeringa er drøfta i Næringsforum:

Steg i utviklingsarbeidet	Forbetringspunkt
Analyse	Vi manglar ei spesialisering som er både tufta på lokal konkurransekraft, og som samlar på tvers av bransjar. Arbeidet med å analysere og formulere langsiktige kompetansestrategiar held difor fram.
Organisering	Næringsforum og Petroleumsrådet har fungert kontinuerleg som partnerskap på leiarnivået. Operative partnerskap varierer og er eit forbetringspunkt.
Visjon og mål	Det er semje om at attraktive arbeidsplassar for framtidige generasjonar er eit mål, men dette er ikkje alltid vurdert som nyttig for dei som arbeider innan rasjonaliserande bransjar.
Prioritering	Vi oppnår god politisk støtte til prioriteringane, men det er for mange ambisjonar å følge opp for Næringsforum.
Gjennomføring	Gjennomføringar vert i for stor grad lagt til fylkeskommunen.
Overvaking og vurdering	Frå januar 2018 har vi på plass statistikk for å overvake. Effektiv informasjonsdeling manglar framleis.
Statusvurdering /rullering	Planen er dynamisk. Vi prioriterer no praktisk arbeid og samarbeid med lokalmiljø framfor region-reforma.

Næringsforum har også drøfta temaet Kva har vi fått til - om vi vurderer dei siste 5-10 åra?

Utfordringa var å ta fram nokre få, men viktige punkt. Lista vart sjåande slik ut:

### Sju hovudpunkt vi har fått til:

- Sogn og Fjordane har eit allsidig næringsliv, slik at at vi har komme oss godt gjennom nedturen innan petroleums-næringane.
- Arbeidet med «eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» har gjort oss meir medvitne om kva sterke sider næringslivet i fylket har. Kunnskapssatsinga er ankerfesta i desse analysane.
- Vidaregåande skular styrker rolla si som regional utviklingsaktør.
- Forskningsmobilisering er langt betre integrert i næringsutviklingsarbeidet i fylket. Forskningsrådet har vorte mykje betre inkludert i regionalt utviklingsarbeid.
- Landbruket blir effektivisert og modernisert. Verdien næringa skaper får aksept.
- Utbygginga av breiband.
- Partnerskapsarbeidet, altså Næringsforum, fungerer godt. Vi er godt informerte om kva andre arbeider med. Vi greier å sjå heilskapen i viktige utviklingsoppgåver.

## 1.4. Viktige endringar

Vi har alt nemnt at vi prioriterer operativt arbeid. Omfattande strategiprosessar bør komme som tinging frå det nye Vestland fylke.

Justeringar i planen må også til på grunn av viktige endringar i omgjevnadene. Ny teknologi og naudsynt klimaomstilling er dei viktigaste drivkreftene. Vi viser til omtalen under emnet Kunnskap og nyskaping.

Viktige endringar:

- På vers av bransje:
  - Vi legg større vekt på samarbeid mellom ulike bransjar når næringslivet skal fornyast.
  - Innsatsen innan kunnskap og nyskaping vert slått saman. Begge deler handlar om fornying og omstilling i næringslivet.
  - Vi legg større vekt på grøn omstilling.
- Bransjesatsingane:
  - Arbeidet med eit berekraftig reiseliv vert avslutta som eigen aktivitet og integrert i det generelle reiselivsarbeidet.
  - Arbeidet med fornybar energi vert dreia meir i retning av energibrukarane. Energiøkonomiseringsaspektet i Regional plan for klimaomstilling<sup>2</sup> vert integrert.
  - Maritim foreining sitt avtalte engasjement direkte retta mot underleveransar til petroleumssektoren («havrommet») får større breidde og omfattar også arbeid med nyskaping.

<sup>2</sup>Sjå avsnitt «Andre regionale planar» nedanfor.

## 1.5. Overordna føringar og samanheng til nokre andre regionale planar

Verdiskapingsplanen er ein av fleire regionale planar knytt til førande Regional planstrategi. Desse føringane er spesielt viktige:

### Samfunnsansvar

Vi ønskjer å prioritere omstilling, fornying og entreprenørskap som løyser ulike utfordringar i samfunnet. I både Regional plan for klimaomstilling og Regional strategisk plan for kysten kan ein lesa mykje om kva føringar som finst for verdiskapingsarbeidet.

Grøn omstilling er særleg viktig. Grøn konkurransekraft krev at planlegging og investering skal ta omsyn til målet om Noreg blir eit lågutslepp-samfunn innan 2050.

### Kunnskapssamfunnet Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane skal vere gode på å bygge arenaer for kunnskapsdeling.

- Vi bør ikkje etterlikne urbane klynger, men utvikle våre eigne samarbeidsmodellar og innovasjonssystem.
- Å gjera kommunane attraktive for ny kompetent arbeidskraft er viktig. Fylkeskommunen medverkar gjennom arbeidet med strategi for senterstruktur og tettstadutvikling.
- Vi skal skaffe oss impulsar gjennom å delta på internasjonale arenaer.
- Vi skal vidareutvikle regionale forskings- og utdanningstilbod som styrker omstilling og fornying, knytt til dei kompetanseføremonene vi alt har.
- Vi vil arbeide fram samferdsletiltak mellom bu- og arbeidsområde.
- Breiband gir føresetnader for fjernsamarbeid, og skal utbyggjast vidare.

### Tilhøvet til andre regionale planar

Regional strategisk plan for kysten<sup>3</sup>

Planen er under arbeid, og vil utfylle verdiskapingsplanen. Særleg gjeld dette arbeidet med bruk av sjø og sjønære areal, og med å styrke evne til nyskaping.

Regional plan for klimaomstilling<sup>4</sup>

I Regional planstrategi 2016-2020 er klimaendringar løfta fram som ein av fem store utfordringar for fylket. Desse er knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for endra klima. I Regional plan for klimaomstilling er næringsliv og teknologi eit prioritert tema. Målet er at næringslivet i fylket har ei sentral rolle i det grønne skiftet. Oppgåva er å skape grøn konkurransekraft og sikre vekstgrunnlag og innovasjonskraft i næringane. Samtidig legg ein grunnlaget for utvikling av nye produktive næringar, med løysingar og produkt som gjev låge utslepp og skjer innanfor naturen sine tolegrensar.

Regional plan for kultur og Regional strategi for senterstruktur og tettstadutvikling

Planarbeidet vert svært viktig for å sikre attraktive lokalsamfunn. Attraktive samfunn er grunnlag for å lukkast med rekruttering av arbeidskraft.

## 1.6. Partnerskap

Næringsforum er viktigaste partnerskapsarenaen på leiarnivået. Her deltek partar som legg ressursar inn i samarbeidet og/eller representerer nærings- og arbeidslivet. Faste deltakarar er LO, NHO, NAV, KS, Fylkesmannen, Høgskulen på Vestlandet og Innovasjon Norge. Leiing og sekretariat er hjå Fylkeskommunen, i Nærings- og kulturavdelinga.

Næringsforum har i møtet 5. april 2018 konkludert med at fiskeridirektøren skal inviterast inn som fast medlem. Vidare ønskjer Næringsforum at SIVA og Noregs Forskingsråd blir invitert med på eit årleg møte. Det var også semje om at fylkeskommunen framover bør vere representerte både gjennom Opplæringsavdelinga og Nærings- og kulturavdelinga.

Næringsforum ønskjer eit årleg møte med Hovudutval for næring og kultur for å drøfte dei politiske problemstillingane knytt til utviklingsarbeidet.

Regional plan kan fort bli fylkeskommunen sin plan. Det er framleis mogeleg å styrke partnerskapen sitt ansvar for gjennomføring. Å ta ansvar vil i vår tradisjon bety at ein partnar får ansvar for å nå ei målsetting og å utvikle innsatsen som skal til for å nå målet. Slik vert planen dynamisk. Kva tiltak som gir størst effekt på målet, blir vurdert kontinuerleg.

Petroleumsrådet har ansvar for innsatsen innan olje og gass.

<sup>3</sup> Planen ligg ute på høyring fram til 24. april 2018 og er venta klar til vedtak i fylkestinget i juni 2018.

<sup>4</sup> Planen ligg ute på høyring fram til 29. april 2018 og er venta klar til vedtak i fylkestinget i juni 2018.



## 2. STATUSRAPPORT

### 2.1. Overordna mål

Overordna mål for verdiskapingsplanen:

- 500 nye arbeidsplassar kvart år.

Fylkestinget har sett arbeidsplassutvikling som mål. Det er ikkje verdiskapinga vi legg vekt på i det følgjande (noko namnet på planen kan indikere), men utviklinga av tal arbeidsplassar.

Det vert ofte snakka om å etablere «attraktive arbeidsplassar». Omgrepet attraktiv er ikkje presist definert, men i verdiskapingsplanen vart det lagt vekt på utvikling av ekspansive kunnskapsintensive tenesteytande næringar. Det har heile tida vore lagt vekt på at kunnskapsomgrepet inkluderer fagkunnskap; ikkje berre akademisk kunnskap.

I dag legg partnarskapen like stor vekt på at kunnskapsintensive arbeidsplassar vert utvikla i mange ulike næringar. Vi har så langt ikkje utvikla indikatorar som informerer godt om dette. Ein indikator er om godt utdanna ungdom finn seg arbeid i Sogn og Fjordane eller om dei forlèt fylket.

#### Om måling

Målsettingane skal oppdaterast etter kvart som ei satsing vert utvikla. Det er ei fagleg krevjande oppgåve å presentere slik resultatinformasjon, særleg dersom vi ønskjer å vise samanheng mellom innsats og resultat.

I 2018 har vi lansert Verdiskapingspanelet. Her skal vi legge fram informasjon som gir bakgrunn og støtte for diskusjonar om resultatata av arbeidet vårt.

Verdiskapingspanelet får informasjon om:

- Korleis vi prioriterer verkemiddel
- Indikatorar knytt til målsettingar i satsingar i verdiskapingsplanen
- Overvakingsindikatorar spesielt knytte til utvikling av arbeidsplassar

Verdiskapingspanelet kan vidareutviklast. Det er t.d. eit ønskje om å utvikle indikatorar som styrker vurderingane våre innan ambisjonen å ta samfunnsansvar.


#### Statistikk knytt til hovudmålet

I utarbeidinga av denne verdiskapingsplanen la vi til grunn at det går tapt om lag 400 arbeidsplassar årleg innanfor næringar med fall i sysselsetjinga. For å nå ei nettutvikling på 100 arbeidsplassar i året må det altså skapast 500 arbeidsplassar i vekstnæringane.



Verdiskapingspanelet:  
[www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no)

Arbeidsplassutvikling i Sogn og Fjordane:







Diagrammet på førre side viser arbeidsplassutviklinga i fylket i perioden 2013-2017. Ei endring i SSB sine rapporteringsrutinar for sysselsette i 2015 gjer samanlikning av periodane før og etter dette året umogleg. Frå 2013 til 2014 var nettovæksten i talet på arbeidsplassar 321, medan den var 375 mellom 2015 og 2016, og 345 mellom 2016 og 2017. Ved utgangen av 2017 var det registrert 54 492 arbeidsplassar i fylket.

Ei målsetting med eit absolutt tal for nye arbeidsplassar, kan vere vanskeleg å vurdere. Ei vesentleg innvending mot målsetjinga er at den ikkje tek omsyn til dei økonomiske tilhøva i landet og verda elles. Vi ser at ei netto arbeidsplassutvikling på 100 arbeidsplassar kan vere ambisiøst i krisetider, men defensivt i periodar med høgkonjunktur.

Den enklaste måten å ta omsyn til dette på er å samanlikne den prosentvise arbeidsplassveksten i fylket og landet som heilskap, slik vi har gjort i diagrammet til venstre.

Ei viktig årsak til svak arbeidsplassutvikling i Sogn og Fjordane er at store delar av arbeidstokken er knytt til næringar som jordbruk og industri, der veksten er svak eller fallande.

Vi må sjå resultatata og måloppnåinga vår i samanheng med utviklinga i verda rundt oss.

Vekstgrad samanlikna med landet  
Positive tal i diagram 2 viser når arbeidsplassveksten i Sogn og Fjordane er større enn landet elles.

### Innvandring

Innvandring forklarar viktige sider ved sysselsettingsutviklinga i fylket. Tabellen under syner utviklinga i talet sysselsette nordmenn og innvandrarak. Det går fram at for nordmenn fell talet med nesten 2000 personar frå 2010 til 2015. Fleire innvandrarak blir sysselsette i perioden. Dersom utviklinga i innvandringa held fram å falle, slik den har gjort dei siste par åra, vil truleg utfordringane med å rekruttere arbeidskraft auke.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Befolkninga eksklusive innvandrarak	52338	52265	51751	51713	51609	50075	49779
Alle innvandrarak	4175	4739	5139	5466	5853	6002	6220

Sysselsette nordmenn og innvandrarak

### Kvar kjem sysselsettingsveksten?

Tabellen viser kvar sysselsettingsveksten skjer, både innan dei prioriterte bransjane og andre bransjar. Vi ser også korleis kommunane, fylkeskommunen og Innovasjon Norge brukar økonomiske verkemiddel i perioden 2014-2016.

	Endring i tal sysselsette i løpet av 2014 og 2016	Sum tilskot 2014-2016 (tal i 1000 kroner - avrunda)	Sum lån 2014-2016 (tal i 1000 kroner - avrunda)
Fiskeri	-44	11 269	392 400
Havbruk	79	9 528	10 000
Fornybar energi	42	9 528	10 000
Kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting	175	166 927	121 950
Landbruk	-213	244 629	32 950
Olje og gass	30	0	0
Reiseliv	190	58 937	61 500
Regionale næringar	126	82 583	29 000
Handel	78	21 143	3 700
Lokal tenesteyting	43	126 550	0
Industri og bergverksdrift	191	62 266	23 500

Sysselsetting og verkemiddelbruk, både prioriterte og andre bransjar

Basisnæringane får mykje av midlane, i samsvar med nasjonale føringar, og fordi vi reknar med ringverknader til det vi kan kalle følgjenæringar. Vi har ikkje gjennomført systematiske eigne ringverknadsanalyser. I ein rapport i 2014 frå Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF Rapport 1/14) vurderte forskarane at «den totale sysselsettinga i Sogn og Fjordane som skuldast oppdrettsnæringa er lik tal sysselsette i matfiskproduksjonen multiplisert med 4.» Forskarane understreka at dette er usikre tal og basert på skjønn.

Kunnskapsintensive arbeidsplassar vart i verdiskapingsplanen vektlagt som strategisk viktig sysselsetting for unge med god utdanning. Tabellen ovanfor syner at verdiskapingsplanen er følgt opp med tydeleg prioritering av dei bransjane som vert karakteriserte som kunnskapsintensive tenesteytande næringar. Sysselsettinga i bransjane auka med 124 personer frå 2013 til 2014 og med 51 personer frå 2015 til 2016. Sjølv om utviklinga er positiv, ligg Sogn og Fjordane lågare enn landsveksten. Det må stor innsats til for å sjå endringar i dette.

For å kunne innrette verkemiddelbruken slik at vi får fleire kunnskapsintensive arbeidsplassar for pengane, må vi analysere temaet grundigare.

I samandraget for Regional analyse for Sogn og Fjordane – 2017<sup>5</sup> gir Knut Vareide i Telemarksforskning eit positivt bilete av Sogn og Fjordane, spesielt for året 2016. Vi reknar med at omtalen i neste analyse ikkje er fullt så positiv:

«Antall arbeidsplasser i Sogn og Fjordane økte i 2016. Veksten i antall arbeidsplasser i næringslivet i fylket var sterkere enn ellers i landet for første gang siden 2009. De strukturelle betingelsene for vekst har blitt bedre for Sogn og Fjordane etter oljekrisen. Bransjestrukturen i fylket har nå blitt fordelaktig. Veksten i næringslivet ble enda sterkere enn forventet. Sogn og Fjordane har derfor vært et attraktivt fylke for næringsliv i 2016.

Utviklingen i næringslivet er også beskrevet og analysert med andre indikatorer enn arbeidsplassutvikling. Verdiskapingen i næringslivet i Sogn og Fjordane har økt sterkt de siste årene. Verdiskapingen i næringslivet i fylket har utviklet seg langt bedre enn i resten av landet i 2016. Produktiviteten (verdiskaping per ansatt) i næringslivet i Sogn og Fjordane har også økt i de siste årene. Næringslivet i Sogn og Fjordane har nå høyere produktivitet enn resten av landet. De bransjene som Sogn og Fjordane har mye av har fått økt produktivitet. Lønnsomheten i næringslivet er svært god og Sogn og Fjordane har det mest lønnsomme næringslivet i landet i 2016. Det eneste negative trekket i 2016 er at det har blitt færre nyetableringer i Sogn og Fjordane enn tidligere. Etableringsaktiviteten i Sogn og Fjordane er nest lavest av fylkene. På den samlede næringslivsindeksen er næringslivet i Sogn og Fjordane rangert som nummer to av de 19 fylkene. Utviklingen i næringslivet i Sogn og Fjordane har derfor samlet sett vært svært god i 2016.

Sogn og Fjordane hadde den høyeste nettoinnflyttingen i 2016 siden 2000. God arbeidsplassvekst i eget fylke har bidratt til at

<sup>5</sup>Fylkesspegelen: <https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/49003b90-b112-4ba5-98dd-ec60d7b16239>



flyttetallene har blitt bedre. Nettoflyttingen til Sogn og Fjordane ble imidlertid langt bedre enn forventet. Sogn og Fjordane har derfor vært et attraktivt bostedsfylke i 2016. Mye av den ekstra innflyttingen har vært innvandrere med flyktningsstatus. Flyttetallene i 2017 har så langt blitt lavere, ettersom innvandringen har bremsset kraftig og mange av innvandrerne til Sogn og Fjordane ser ut til å flytte videre til andre fylker. Den høye bostedsattraktiviteten til Sogn og Fjordane i 2016 kan derfor bli kortvarig.

I rapporten er det også vist ulike scenarier for utvikling i befolkning og arbeidsplasser fram til 2030. Vekstutsiktene for Norge har blitt vesentlig svekket de siste årene. Befolkningsveksten i Norge har blitt svakere på grunn av fallende innvandring og lavere fruktbarhet. Hvis det fortsetter, vil det påvirke veksten negativt i alle kommuner og regioner de neste årene. De strukturelle betingelsene for vekst har derfor blitt svakere enn tidligere. Sogn og Fjordane kan i stor grad påvirke egen vekst gjennom å opprettholde den gode attraktiviteten for næringsliv og øke bostedsattraktiviteten. Dersom Sogn og Fjordane greier å oppnå høy attraktivitet, er det mulig å få befolkningsvekst. Men siden vekstutsiktene nasjonalt har blitt mye svakere, er det nå høyere risiko for befolkningsnedgang. Sogn og Fjordane må antakelig ha høy attraktivitet for både næringsliv og bosetting for å unngå befolkningsnedgang de neste årene.»

## 2.2. Sogn og Fjordane i eit europeisk perspektiv


Korleis ser Sogn og Fjordane ut i eit europeisk perspektiv? Indikatorrapporten<sup>6</sup> frå Forskningsrådet viser at norske regionar - også Sogn og Fjordane - er nyskapande.

European Cluster Panorama (ECP) (november 2016)<sup>7</sup> viser kva regionar som har høg aktivitet i ti definerte framveksande næringar.



Dei to figurane nedanfor:

Det er særleg innan «blå vekst» Noreg gjer det godt i denne kåringa. Her er Vestlandet på førsteplass.

Snakkar vi om «grøn omstilling», ser vi at Tyskland har ein sterk posisjon, men at også vår regionen har gode føresetnader.



Screenshot frå rapporten Regional Innovation Scoreboard som viser Regional performance groups. Sogn og Fjordane er nyskapande.



Leiarde regionar innan miljønæringar (til venstre), og innan blå vekst (til høgre).

<sup>6</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kmd/nyhetsbrev-fra-kmd/regionalnytt/2017/regionalnytt-4-2017/id2582188/#innovation>


<sup>7</sup> Stockholm School of Economics <http://ec.europa.eu/DocsRoom/documents/20381>

### 3. SATSINGANE

#### 3.1. Fornybar energi



Foto: Kirsti Horne/Sogn og Fjordane fylkeskommune



##### 3.1.1. Kva har vi oppnådd så langt?

Sysselsettinga innan fornybar energi-bransjen har auka frå 749 til 775 frå 2015 til 2016. Desse arbeider med produksjon, overføring, distribusjon og handel av slik energi.

Den årlege prosentvise sysselsettingsutviklinga innanfor bransjen i fylket har vore ulik den nasjonale utviklinga, men frå 2015-2016 voks sysselsettinga meir i fylket vårt enn nasjonalt.

Sogn og Fjordane sin del har svinga sidan 2009. I 2016 var 10,22 prosent av alle verksemdar innanfor fornybar energi i Noreg lokaliserte i fylket.

Det har så langt vore vanskeleg å organisere ei satsing. Aktørane arbeider aktivt, men har ikkje funne ein felles plattform. No er eit Forum for grøn energi etablert. Maritim forening tek ei rolle i arbeidet med maritim fornybar energi. Det er etablert eit hydrogenprosjekt vi vil prøve å føra vidare som klyngeprosjekt i Arenaprogrammet.

Energisatsinga treng justering som blir avklara gjennom dette dokumentet.


##### 3.1.2. Kvar står arbeidet no?

###### Bakgrunn


Perspektiva for fornybar energi i verdiskapingsplanen er framleis aktuelle. Eit ankepunkt kan vera at teksten i stor grad er produksjonsorientert. Samstundes har partnerskapen måtta bruke tid på å finne form på satsinga. Difor vil vi kort rekapitulere og trekkje inn nokre tilleggdimensjonar her:

###### Rike naturressursar - produksjonsorientering

Sogn og Fjordane har rike tradisjonar og stor verdiskaping innan fornybar energi.







Energiselskapa har stor aktivitet og sysselsetting innan produksjon, distribusjon og sal av vasskraft. Kombinert med magasinkapasitet har dette lagt grunnlag for omfattande bruk hjå kraftkrevjande industri i Sogn og Fjordane. Vi har likevel eit kraftoverskot på omlag 7 TWh som blir seld vidare.

Fylket har stort potensial for meir produksjon av fornybar kraft. Særleg gjeld dette vasskraft frå små kraftverk og vindkraft. Utbygging må ta omsyn til naturen. Regional plan for vindkraft<sup>8</sup> og for vasskraft<sup>9</sup> set føringar for utbygging av slik produksjon. Svakt høgspennetnett mellom Fardal og Ørskog har vore ein flaskehals for tildeling av nye konsesjonar, no er ei ny 420 kV linje gjennom området klar, likevel er det flaskehalsar mellom denne og underliggande nett. Det er difor framleis trong for styrking av nettet<sup>10</sup>.

Utbygging av ny, oppgradering, og vedlikehald av eksisterande kraftproduksjon inneber aktivitet og moglegheiter for lokal verdiskaping.

### Teknologiskift og nye marknader

Sogn og Fjordane har ein både særleg sterk posisjon og høg sysselsetting knytt til produksjon, lagring i damanlegg, og distribusjon av vasskraft. Geografisk stadeigne naturressursar har ofte sjølve grunnlaget for verksemda. Derimot tek rapporten Norske markeds-muligheter i de globale, fornybare verdikjedene frå Institutt for Energiteknikk frå januar 2017<sup>11</sup> utgangspunkt i at konkurransen ligg i kven som kan tilby dei mest kostnadseffektive måtane å omdanne energien, og ikkje i kven som har dei største naturgitte ressursane. Rapporten peikar særleg på sol, offshore vind, batteri og hydrogen som teknologiar der ein framleis er relativt tidleg i vekstkurven, og der Noreg har erfaring og føresetnadar for å ta ei leiande rolle.

Dette er også relevante teknologiar for Sogn og Fjordane. I Årdal og Svelgen gjel det solenergi, på Stadt har vi testområde for offshore vindkraft og maritim industri, samt tidlegare arbeid i Vindkraftforum. Vi har også utvikling av batteriteknologi, med kompetanse innan industri/metall/prosess. I tillegg kjem satsinga på prosjektet *Hydrogenregion Sogn og Fjordane*.

### Vert brukarrollen viktigare?

Det kan hevdist at den mest klimavenlege energien er den som ikkje vert nytta, og det er viktig å sjå på korleis energi kan nyttast mest mogleg effektivt.

Digitalisering og elektrifisering er grunnlag for mykje av samfunnsutviklinga i dag. Ikkje minst er Noreg prega av mengda på elbilar. Større og gjerne samtidig bruk av straum skaper utfordringar for distribusjon og balansering av produksjon og etterspurnad. Dette stiller høgare krav til styrking av linjenettet. Desse utfordringane kan møtast også ved å redusere forbrukstoppane. Installasjon av nye sanntidsmålarar for straum gjer det mogleg å bruke pris som utjamningsmekanisme. Då kan brukaren velje å bruke mest straum når timeprisen er lågast.

Meir medvite tilpassing av forbruk, også via smarthus-teknologi, og utvikling av løysingar for lokal/privat produksjon og lagring av energi vil truleg påverke det tradisjonelle forholdet mellom energiproducent og energibrukar. Dette opnar for nyskapande forretningsdrift og næringsliv.

### Politiske problemstillingar

Sogn og Fjordane er blant fylka med høgast kraftoverskot i landet. Grunna prinsipp for fordeling av nettleige, har vi med store geografiske område og få innbyggjarar svært høg nettleige. Samla pris til forbrukar er difor blant dei høgste i landet. Linjeinvesteringar vert i stor grad gjort for å kunne transportere straum ut av fylket, mens det meste av rekninga må takast av innbyggjarane. Arbeidet med å få til ei utjamning har så langt ikkje ført fram. Eit representant/dok 8-forslag om utgreiing av alternative modellar ligg no til handsaming i Stortinget<sup>12</sup>.

Ei av dei særleg aktuelle sakene er om Noreg skal bli underlagt EUs energibyrå ACER<sup>13</sup>. Det er elles rikeleg med endringsprosessar som kan påverke våre føresetnadar for produksjon/bruk/økonomi innan fornybar energi-området. Aktuelle saker finn ein til dømes på <http://www.kraftfylka.no/nyheter/>.

<sup>8</sup> <http://www.sfj.no/regional-plan-for-vindkraft.5847899-374613.html>

<sup>9</sup> <http://www.sfj.no/regional-plan-for-vasskraftbygging.5847916-374619.html>

<sup>10</sup> <http://www.sfenett.no/Documents/Dokument/R-KSU%202016%20Hovudrapport.pdf>

<sup>11</sup> [https://www.ife.no/no/ife/hovedfagomrader/energi\\_miljo/energi](https://www.ife.no/no/ife/hovedfagomrader/energi_miljo/energi)

<sup>12</sup> <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=69710>

<sup>13</sup> <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=70034>

### 3.1.3. Justeringar

#### Justert mål

Vidare arbeid med satsinga på fornybar energi fram til strategiske planar for det nye fylket er på plass, skal legge vekt på operativt arbeid. I eit såpass kortsiktig perspektiv vil vi formulere to kvalitativt mål:

#### 1 Det grønne skiftet gir rom både for nyskaping og tradisjonelle utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt.

- Generelt:
  - Forum for grøn energi skal prioritere aktivitet som identifiserer område for nyskaping, og vidare skape informasjonsflyt som kan bidra til medverknad i fornyings-, utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt.
  - Kompetansemeklar-tenesta skal medverke til god kopling mellom næringsliv og forskning, for å styrke utviklinga av innovative idear.
- Spesielt:
  - Arbeidet med fornying, slik dette er lista opp i Regional plan for klimaomstilling, skal også innebere tilrettelegging for innovasjon i næringslivet.
  - Sogn og Fjordane skal vidareutvikle satsinga på hydrogen.
  - Maritim forening synleggjer nye forretningsområde for det maritime- og petroleumsretta næringsmiljøet vårt, med fokus på maritim fornybar energi.

#### 2 Interessehevdning

- Vi skal arbeide for at kraftoverskot i regionen skal kome industri- og næringsutvikling til gode gjennom tilgang på rimeleg energi.

#### Prioritert aktivitet

##### 1 Fornyng basert på det «grønne skiftet»

Forum for grøn energi (FGE) vart skipa i 2016 som ei vidareføring av prosjektet Vindkraftforum Sogn og Fjordane. FGE har som føremål å auke verdiskaping knytt til planlegging, utbygging, drift og bruk av fornybar energi i Sogn og Fjordane, samt legge til rette for teknologiutvikling knytt til fornybar energi og energiøkonomisering. FGE legg ikkje opp til å konkurrere mot eksisterande organisasjonar og nettverk, men skal samle, supplere og styrke arbeidet for grøn næringsutvikling i fylket. Føremålet har stor grad av overlapp med målsettingane i verdiskapingsplanen, og det er naturleg å sjå på FGE som ein sentral aktør i arbeidet. FGE vil særleg ta ansvar for møteplassar og få fram informasjon om aktuelle prosjekt, satsingar og trender, og slik bidra til auka kunnskap og auke deltaking frå næringslivet i fylket.

I samarbeid med Noregs forskingsråd har partnerskapen prioritert ei kompetansemeklar-teneste for nyskaping innan energisektoren. Denne tenesta tek utgangspunkt i kva bedriftene treng, jamfør FoU.

Regional plan for klimaomstilling skildrar betringpunkt der det vil vere naturleg å utfordre næringslivet til å utvikle løysingar. Klimaplanen har også formuleringar om null-utslepp som del av anbodspolitikken i fylkeskommunen. Anbodspolitikken, til dømes innan transporttenester, kan slik gi grunnlag for nyskaping i næringslivet.

##### 2 Arenastatus til prosjektet Hydrogenregion Sogn og Fjordane

Søknad om Arenastatus til prosjektet Energiregion Sogn og Fjordane i 2012 er døme på konkret klyngeinitiativ så langt. Nålauget var og er trangt, og søknaden gjekk ikkje gjennom. Tilbakemeldinga var for utydeleg/svak involvering av næringslivet. Det vert no søkt om Arenastatus til Hydrogenregion Sogn og Fjordane. Maritim forening Sogn og Fjordane (MFSF) og deira medlemsverksemdar er sentrale i arbeidet.

##### 3 Maritim fornybar energi

Maritim forening Sogn og Fjordane har etablert seg som eit sterkt leverandørnettverk. Utgangspunktet er maritim og petroleumsnæring. MFSF orienterer seg etter kvart også sterkare i retning fornybar energi knytt til havrommet. Det er difor naturleg å sjå MFSF som ein sentral aktør i høve fellesinitiativ inn mot marin og maritim fornybar energi.

##### 4 Rammevilkår

Sogn og Fjordane er blant fylka med høgast kraftoverskot i landet. Modellar for nettleige og andre sentrale mekanismar påverkar forholdet mellom tilgang på kraftproduksjon og kraftpris. Arbeidet med oppfølging og påverknad av rammevilkåra er viktig. Samarbeidande kraftfylke er eit viktig samarbeidsorgan for slik oppfølging. Sjå eventuelt [www.kraftfylka.no](http://www.kraftfylka.no)

<sup>14</sup> Til dømes tiltaket Møteplassar for det grønne skiftet i næringslivet.

<sup>15</sup> Arena er eit klyngeprogram eigd av Forskningsrådet, SIVA og Innovasjon Norge.



### 3.2. Sjømatnæringane



Foto: Rolf M. Sørensen/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Sogn og Fjordane har stort sett følgd utviklinga nasjonalt med nedgang i tal fiskarar. Nedgangen var størst i mellom 2000 og 2006, og har flata ut etter dette. Frå 2012 til 2016 var det ein nedgang på 29 personar med hovudyrke fiskarar i fylket.

For akvakultur har det vore ei auke på 109 personar frå 2012-2016. Medan det nasjonalt har vore ein svak auke i tal sysselsette i fiskeindustrien, ser vi ein nedgang i vårt fylke. Denne er på 98 tilsette i perioden 2012-2015.

Diagramma over viser den samla utviklinga for bransjane fiskeri og havbruk.

#### Føringa berekraftig utvikling

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane har utvikling av akvakulturnæringa som viktig føremål. Gjennom fondet har næringa i perioden 2012-2017 fått tildelt 8,94 mill. kroner i stønad til prosjekt og tiltak som skal bidra til å utvikle ei meir berekraftig og kunnskapsbasert akvakulturnæring. Eit døme er tilskot til nye avlusingsmetodar i oppdrettsnæringa, avklaring av eigna lokalitetar for oppdrett, og interesseavklarings mellom vill laks og oppdretta laks.


#### Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane


Innovasjon Norge har hatt ansvaret for innsats innan innovasjon og nyskaping. I planperioden vart ein samde om å justere innsatsen slik at arbeidet skjer med utgangspunkt i verkemiddelføringar. Viktige verkemiddel er kompetansemekling i VRI, der det er tilsett ein «marin meklar», Regionalt forskingsfond, Marint Verdiskapingsfond, MAREKO (Marint rekrutterings og kompetansehevings-fond) og Innovasjon Norge sine verkemiddel.

Vi trekk her fram eit utval av viktige resultat av arbeidet: Prosjekt for teknologileveransar til havbruksnæringa, å utvikle landbaserte anlegg for kveite og kveiteyngelproduksjon, utvikling av tare næringa, og opparbeiding av nye marine grunnkart med høg bildeklaritet for planlegging i sjø.

#### Mål for programsatsingane

Program for rekruttering og kompetanseheving i sjømatnæringane har lukkast i sitt mål med å etablere ein undervisningskonsesjon knyta til opplæring i akvakulturfag ved Måløy vidaregåande skule. Vi har også lukkast med å forhandle fram ein leigeavtale med Marine Harvest Norway om drift av konsesjonen. På grunnlag av leigeinntektene er





det blitt oppretta eit Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) som skal nyttast til å utvikle ei meir attraktivt opplærings-tilbod ved skulen.


Det har vorte fleire søkjarar til Naturbruk- og akvakulturoplæringa, sjølv om vi ikkje har nådd delmålet som var sett for 2017. Auken av søkjarar til marin opplæring er ein trend ein ser over heile landet, og skuldast truleg først og fremst at oljenæringa ikkje lenger er så attraktiv med tanke på framtidig jobbval. Likevel ser vi at auken har vore monaleg større for Naturbruk og akvakultur ved skular i andre fylke, og at vi har ei stor oppgåve i å gjera Måløy vidaregåande skule meir attraktiv for studentane. Dette er eitt av to hovudtema for det vidare arbeidet i programmet.

Det er gjennomført aktørsamlingar for å vidareutvikle samarbeidet mellom Måløy vidaregåande skule, Sikkerheitssenteret og Fagskulen. Målet er å bidra til å gjere eksisterande kurs og kompetansehevande opplæringstilbod meir kjend mellom marine næringar langs norskekysten, og å utvide tilbodet på skulen.

### For program arealbruk i sjømatnæringane har vi så langt oppnådd følgjande:

Opparbeidde marine grunnkart for dei fire kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora blei ferdigstilt i februar 2018.

Fylkeskommunen har vidare starta eit prosjekt som vert kalla «Multikriterieanalyse som verktøy for planlegging i sjø i Sogn og Fjordane». Dette er eit kartteknisk GIS-prosjekt som vil gje fylkeskommunen, kommunar og andre planinteresserte tilgang på aktuell informasjon om arealbruk i sjø. Prosjektet vil bidra til at ulike arealinteresser vert verdsett av dataeigarane, slik at ein kan oppnå kunnskapsbaserte vektning av arealbruk og tidlig konfliktavklaring i regional og kommunal planlegging. I dette prosjektet er det aktuelle område for akvakultur som blir «sluttproduktet».



Relativ del yngre fiskarar med fiskeri som hovudyrke.

### 3.2.1. Justeringar

#### Bakgrunn for justeringane

Handlingsplanen 2015 til 2018 hadde tre hovudmål, med kvar sine undermål:

- H1: Auke verdiskapinga frå sjømatnæringane i verdikjeda frå hav til bord
- H2: Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft for å kunne realisere ambisjonar i 2025
- H3: Auke ringverknadene frå sjømatnæringa i Sogn og Fjordane

Det vart vidare starta opp tre program/avtalar for arealbruk, kompetanse og rekruttering, samt innovasjon og nyskaping. Desse skulle støtte opp under hovudmåla. Det var ei utfordring at fleire av desse ikkje var tydeleg forankra i eitt hovudmål, og den nye handlingsplanen for 2018-2021 legg vekt på å betre dette. Vi vil også spisse måla mot område der vi no ser at partnerskapen har reell påverknad.

Vidare har det i denne fireårsperioden vorte gjort endringar i avtalen Innovasjon og nyskaping, som til 2017 var leia av Innovasjon Norge (IN). Her vedtok Næringsforum at oppdraget med å følgje opp ambisjonane i verdiskapingsplanen no skal vere ein integrert del av det årlege oppdragsbrevet frå fylkeskommunen til IN.



**Ny målstruktur 2018-2021**

Hovudmål	Auke verdiskapinga og tal arbeidsplassar i sjømatnæringane
Delmål 1	Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft i sjømatnæringane
Delmål 2	Legge til rette areal for vidare vekst i sjømatnæringane
Delmål 3	Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane

**Måleindikatorar****Måleindikatorar hovudmål: Auke verdiskapinga og talet på arbeidsplassar i sjømatnæringane**

Måleindikator - hovudmål	2012	2017	2021	2025	Endring	Måletidspunkt
Slaktevolum for laks og aure (tonn s.v.)	111 802	136 000	158 000	185 000	4 % årleg	milepæl
Realtiv slaktevolum som % av Norge	9	10	11	12	3 %	milepæl
Sysselsetjing i havbruksnæringa	494	504	556	619	1,7 % årleg	milepæl
Sysselsetning (årsverk) i fiskerindustrien	384	384	384	384	uendra	milepæl
Lokalitets MTB (tonn)	232 878	257 116	289 386	325 707	3 % årleg	milepæl
Relativ andel landingar (tonn)	7	8	9	10	3 %	milepæl
Relativ andel landingar (verdi)	8	9,0	9,5	10,0	2 %	milepæl

**Måleindikator for delmål 1: Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft i sjømatnæringa**

Måleindikator - delmål 1	2012	2017	2021	2025	Endring 2012-25	Målepkt.
Tal søkjarar Naturbruksfag (Vg 1)	13	20	35	40	auke 27 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Akvakultur (Vg 2)	3	10	15	18	auke 15 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Fiske og fangst (Vg 2)	5	10	15	20	auke 15 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Naturbruk YSK 4 år -År 1	0	7	15	15	auke 15 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Akvakultur YSK 4 år- År 2	0	5	12	15	auke 15 søkjarar	årleg
Tal opplæringsplassar Naturbruk (Vg 1)	12	18	24	36	auke 24 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Akvakultur (Vg 2)	6	6	12	12	auke 6 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Fiske og fangst (Vg 2)	6	6	12	18	auke 12 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Naturbruk YSK 4 år	0	4	8	12	auke 12 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Akvakultur YSK 4 år	0	4	8	12	auke 12 plassar	årleg
% av total nasj. fangst som kjem frå Sogn og Fj.	35 %	35 %	35 %	35 %	uendra	årleg
Relativ del yngre hovudfiskarar <30 år	21 %	22 %	23 %	25 %	5 prosentpoeng	årleg

**Måleindikator for delmål 2: Legge til rette areal for vidare vekst i sjømatnæringa**

Måleindikator - delmål 2	2012	2017	2021	2025	Endring 2017-25	Målepkt.
Tal på arealplanar i sjø, yngre enn 5 år	16	8	16	24	16	milepæl
Tal på interkommunale planar i sjø	0	0	2	3	3	milepæl
Makroalgar - tal konsesjonar	0	44	50	64	20	milepæl
Makroalgar - areal (ha)	0	945	1200	1500	555	milepæl
skjel - tal konsesjonar	28	9	12	15	6	milepæl
Nye marine artar* - tal konsesjonar	24	34	45	50	16	milepæl

\*her er dette andre marine fiskeartar (ikkje laks, aure og regnbogeaure).

**Måleindikator for delmål 3: Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringa**

Måleindikator - delmål 3	2012	2017	2021	2025	Endring	Målepkt.
Relativ del nyetableringar i marine næringar	5	5,5	6,0	6,5	1,5 %	milepæl
Tal marine innovasjonsnettverk		1	4	8	akkumulert	milepæl
Tal bedriftar innan "nye marine artar"*		0	3	6	akkumulert	milepæl
Tal arbeidsplassar innan "nye marine artar" a)		0	20	50	akkumulert	milepæl
IN støtte til innovasjonsprosjekt - akvakultur		2	6	10	akkumulert	milepæl
IN støtte til innovasjonsprosjekt - fiskeri		1	3	7	akkumulert	milepæl
NRF -Norges Forskningsråd:						
Tal søknadar til Skattefunn		12	18	24	per år	årleg
Tal søknadar til Regionale forskingsfond		5	8	12	per år	årleg
Tal marine søknadar til VRI		3	5	10	per år	årleg

\*reinsefisk, torsk, blåskjel, kveite, makroalgar




Dei bedriftsretta verkemidla må verke saman med tilretteleggingstiltak og forskingsinnsats. Verkemiddelpolitikk som utdjuar delmålet:

- Planlegging og investeringar skal ta omsyn til at Noreg skal bli eit låg utslepp samfunn innan 2050.
- Volumvekst i sjømatnæringane må skje kunnskapsbasert. Forskingsbaserte innovasjonar som legg til rette for å løyse miljøproblem vert prioriterte.
- Utvikle nye marine artar.
- Utvikle verdikjeder og foredling for å skape nye arbeidsplassar. Eit aktuelt døme er hydrogen som ny energiløysing, ved å etablere arenaer og nettverk som kan bidra til auka grad av foredling.

### 3.3. Reiseliv



Hoven i Loen. Foto: Blak-ah



#### 3.3.1. Kva har vi oppnådd så langt

I hotell- og restaurantnæringa går talet på verksemder ned, medan talet på sysselsette i næringa er meir varierande. Dei siste åra har ein opplevd at fleir reisande gir behov for fleire tilsette i næringa, og dermed går talet på sysselsette opp. Samanlikna med landet totalt følgjer fylket same utviklingsmønster, sjølv om resultatet er ulikt.

Hovudnæringane i reiseliv er transport, overnatting, servering og aktivitet. I tillegg er det ei rekkje sekundære næringar som tener godt, som handelsnæring, utleiefirma, bensinstasjonar, bankar osv. Det er vanskeleg å skilje ut i frå denne statistikken kva inntening som er frå reiselivet. Samtidig vel fleire reisande alternative overnattingstilbod, til dømes Airbnb, som ikkje vert fanga opp i statistikken vi har tilgang til. Tala i tabellen her representerer berre hotell- og restaurant og gjev ein indikasjon for utviklinga innan reiseliv. Betre statistikkgrunnlag for reiseliv er ei politisk sak hjå Vestlandsrådet, slik at vi får betre verktøy og styringsgrunnlag for utviklinga av reiselivet.

Det vi veit om sysselsetting og utvikling i bedrifter i reiselivet er at talet på aktivitetsbedrifter er i kraftig vekst, fordi spurnaden etter naturopplevingar og aktivitet aukar. I følgje tal frå Innovasjon Norge var verdiskapinga, altså summen av lønnskostnader og driftsresultat før avskrivningar og nedskrivningar i eit bedrift, frå reiseliv på landsbasis 37 mrd. Sogn og Fjordane stod for 816 mill. kroner, noko som utgjer nesten 9 % av verdiskapinga frå reiseliv på Vestlandet. I Sogn og Fjordane var denne verdiskapinga størst i Stryn, Aurland og Førde i 2015.

#### Infrastruktur

Fylkeskommunen har avtalar med Fjord Norge for internasjonal marknadsføring av Vestlandet, og med NCE Tourism som ligg under Fjord Norge og har ansvar for produktutvikling på Vestlandet. Avtalane er felles for alle fire vestlandsfylka. Fylkeskommunen har fleire prosjekt saman med NCE, særleg i skjæringspunktet mellom kultur og reiseliv, som er ei nasjonal satsing. Norge generelt, og Vestlandet spesielt, opplever ein vekst i talet på reisande, og hotella melder om rekordsesongar. Ein av grunnane til den positive utviklinga er ein svakare kronkurs, men dette er berre ein del av forklaringa. Utviklinga skuldast også eit langsiktig profileringsarbeid av Norge og Vestlandet gjennom Fjord Norge sitt arbeid.



Fylkeskommunen har også toårig avtale med dei regionale destinasjonsselskapa. Avtala gjev destinasjonsselskapa ansvar for å leie det regionvise infrastrukturarbeidet og sikre at regionane har ein kompetent organisasjon i arbeidet med å gjere fylket meir kjent og attraktivt for turistane. Avtala mellom fylkeskommunen og destinasjonsselskapa har blant anna lagt grunnlaget for etableringa av Visit Sognefjord, som er destinasjonsselskap for 9 kommunar i Indre Sogn. Desse kommunane har dei siste åra stått for nær 50 % av gjestedøgna i fylket. Etableringa av Visit Sognefjord har såleis vore viktig.

Fylkeskommunen sit også i styret til Forskingsprogram for reiseliv. Prosjektet vert utført med Vestlandsforskning som prosjektleiar. Hovudintensjonen er å lage eit forskingsprogram der bedriftene som deltek i prosjektet kan sjå konkrete resultat. Målet er å utvikle eit forskings- og utdanningstilbod på internasjonalt nivå, der fagmiljøet blir eit konkurransefortrinn for det regionale reiselivet. Programmet har bidrege til doktorgradprogram, tilsetting av professor innan opplevingsturisme og konkrete forskingsprosjekt som kjem næringa til gode. Aktuelt tema er til dømes korleis ein skal ta omsyn til klimaendringar når ein legg til rette for reiseliv i framtida.

Kvart år vert det lyst ut midlar for tilretteleggande tiltak, altså prosjekt som skal gjere dei mest særigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar. Midlane vert koordinert med tippemidlar, fordi ein over tid har sett at enkelte søknadar til infrastrukturmidlar kan kvalifisere til slike.

Dei siste åra har infrastrukturmidlar gått til til utmarksparkeringar, utviding av rutetilbod for å utvide sesongen, og oppretting av transporttilbod til og frå startpunkt for lengre vandreturar, som Turtagrø og Aurlandsdalen. Det er også løyvd midlar for å løfte større prosjekt som Loen Skyflift, der midlane har gått til merking av rundt 70 km med vandreruter.

Dei siste åra har midlane til reiseliv vorte redusert. I 2013 var det 4 mill. kr. til rådvelde, medan det i 2018 er sett av 900 000 kr. Reduksjon står i kontrast til den venta veksten i talet på reisande globalt, noko som også vil gje fleire tilreisande i fylket vårt.


### Kultur og reiseliv

Til no har fylkeskommunen bidrege med ressursar inn mot fleire prosjekt innan kultur og næring. Blant anna har fylkeskommunen vore sentral i opprustinga av Kongevegen, etablering av Pilgrimsleia og utviding av rutetilbodet for Urnes-ferja. Prosjekta har fått tettast oppfølging av kulturseksjonen, medan næringsseksjonen har støtta prosjekta med infrastrukturmidlar.

Målet er å gjere kultur- og naturopplevingar, kulturarv og attraksjonar tilgjengeleg for fleire, både i reiselivssamanheng og for innbygarane. Arbeidet skal auka oppslutninga om kultur- og naturtilbod, sikre betre samkøyring av verkemiddel og kompetanse, og auke næringsaktiviteten i fylket.

### Aktørprogrammet

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane har ansvar for aktørprogrammet retta mot bedriftsnettverk. Hovudmålet er å auke verdiskapinga i desse bedriftene. Satsinga har opplevd ei svært positiv utvikling dei siste åra og pr. 2017 hadde dei fått opp 15 nettverk, altså meir enn målsetnaden. Dette inkluderer både aktive nettverk, avslutta nettverk (med tanke på finansieringsperioden i IN) (2), inaktive nettverk p.t (1) og nettverk på tvers av fylke (2). Ein opplever etterspurnad etter fleire nettverk frå bedriftene, men på grunn av reduksjon i midlar er dette ikkje mogleg. Fleire nettverk vil også krevje meir ressursar til oppfølging. Det viktigaste no er ikkje å skape fleire nettverk, men å få etablerte nettverk til å fungere godt og bli lønnsame over tid. Årleg vert det arrangert samling mellom nettverka, noko som er svært godt motteke av deltakarane. IN vil vidareutvikle dette høvet til å auke samhandlinga på tvers av regionane i samarbeid med IN Hordaland. Innovasjon Norge og fylkeskommunen har arrangert reiselivskonferansen saman dei siste åra. Målet er å få dette til å bli ein årleg møteplass for bedrifter og det offentlege verkemiddelapparatet, dersom ein finn ein modell som er tenleg.



Gjestedøgnsutvikling, totalt og i skulder- og vintersesongen.

Diagrammet over viser utviklinga i tal gjestedøgn frå 2012 til 2017. Tal gjestedøgn har auka frå 2014 og fram til og med 2017, men tal gjestedøgn i skulder- og vintersesongen har gått ned.

### Programstyret for berekraft

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved landbruksavdelinga har ansvar for programstyret for berekraft, hovudmålet er å utvikle eit meir berekraftig reiseliv. Programstyret er ei tverrfagleg gruppe. Her deltek blant andre Vestlandsforskning, Statens naturoppsyn og Høgskulen på Vestlandet. Programstyret har bidrege til å få fram kunnskap om kor berekraftig ulike delar av reiseliv er, og kor godt berekraftarbeidet fungerer i samspel med andre sektorar og interesser.



### 3.3.2. Endringar i arbeidet framover

Viktige endringar:

- Målsettingane vert ikkje føreslått endra.
- Program Berekraft vert føreslått avvikla og integrert i det arbeidet elles.
- Temaet mat og reiseliv vert utvikla med ansvar lagt til Fylkesmannen, hjå landbruksavdelinga

I dag har tilhøva endra seg, og ein har gjort erfaringar med arbeidet for eit meir berekraftig reiseliv. Dersom ein skal oppnå ei berekraftig utvikling av reiselivet må dette innførast som ein integrert arbeidsmetode, og vera rettesnor for alle aktørar både i det offentlege og det private. Fylkeskommunen og Innovasjon Norge stiller krav til sine partnerar gjennom avtalar og tilskot, prinsippa for berekraftig utvikling må bli følgde. Destinasjonsselskap arbeidar no for miljøsertifisering av heile destinasjonar, noko som gjer at også fleire bedrifter har fokus på dette.

Cruise vert løfta fram som det minst lønsamme segmentet, og er samstundes det mest skadelege for miljøet. Fleire og større cruiseskip legg turen til fjordane på Vestlandet. I 2015 vart det difor starta eit større arbeid for å få på plass ein regional cruisestrategi for dei fire vestlandfylka, med påfølgande handlingsplan. Arbeidet vart sett i gang av Vestlandsrådet for å sikre at ein oppnår ein så berekraftig utvikling som mogleg av cruise, samstundes som lokale næringar får del i dei verdiane som ligg i denne reiseforma. Handlingsplanen skal handsamast av Vestlandrådet i juni 2018.

Lokal mat blir stadig meir etterspurd, og her ligg eit stort potensiale for å skape arbeidsplassar. Både Fylkesmannen og Innovasjon Norge har innsats retta mot lokalmat. Eit nytt program vil bli utvikla. I dette arbeidet vil det vere naudsynt å sjå på rollefordelinga for å sikre at ressursane som blir satsa på lokalmat og reiseliv vert nytta på ein effektiv måte.

#### **Vegen vidare - frå vekst til å styre veksten**

Reiselivsplanen som la grunnlaget for satsinga reiseliv i verdiskapingsplanen, vart laga i 2009 då utfordringane for reiselivet var ulike dei vi har i dag. Målet var vekst på alle område. Snart ti år seinare ser vi denne veksten kome, om ikkje i same fart som ein hadde tenkt i planen fram til i dag.

I følge Fjord Norge har reiselivet på Vestlandet opplevd ein internasjonal vekst kvart år sidan 2010 når det gjeld talet på landbaserte turister og gjestedøgn på til saman 30 %. Tal gjestedøgn har gått frå 2,3 mill. til 3 mill. frå 2010 til 2016. I følge FNs reiselivsorganisasjon, UNWTO, er det forventet ein global vekst i tal reisande på 60% fram mot 2030. Det vil seie ein gjennomsnittlig vekst på 4% kvart år. Fjord Norge spår at veksten kan ligge høgare enn dette for Vestlandet, noko som kan føre til ein vekst dei neste 12 åra på mellom 60 og 100%. Såleis er det viktig at reiselivsnæringa og det offentlege verkemiddelapparatet er budd på denne veksten medan vi framleis har styringsevne.

Styret i Fjord Norge har tatt initiativ til eit scenarioprojekt som skal gje oversikt over utviklinga på Vestlandet, og som seier noko om korleis ein kan sikre ei berekraftig utvikling av reiselivet her fram mot 2030. Prosjektet skal eigast av Vestlandsrådet og vert utarbeidd i eit samarbeid mellom Fjord Norge og dei fire vestlandfylka. Prosjektet har fått finansiering av Vestlandrådet og er no under utarbeiding. Eit slikt prosjekt vil bidra til at aktørar innan privat og offentlig sektor på Vestlandet får ei felles rettesnor for utviklinga av eit berekraftig reiseliv.


Fylkeskommunen har løyvd midlar til eit besøksforvaltningsprosjekt i regi av Nærøyfjorden Verdsarvpark. Prosjektet skal få på plass ein tilpassa metode for besøksforvaltning i verdsarvområdet og innfallsportane til området. Prosjektet er eit samarbeid mellom Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, verdsarvkomunnane, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommune, UNESCO, Innovasjon Norge og samarbeidspartnarar på forskningssida; NMBU og TØI. Prosjektet er viktig for å styre den venta veksten til vårt område. Samstundes skal det sikre at dette skjer på ein måte som ikkje går ut over kvalitetane i verdsarvområda.

Om veksten som er venta framleis kjem i sommarsesongen, vil heile Vestlandsregionen oppleve store utfordringar. Det er difor viktig å leggje til rette for heilårsturisme, og at ein rettar produktutvikling og marknadsføring mot resten av året. Fylkeskommunen kan påverke denne utviklinga ved å støtte prosjekt som legg til rette for at fylket vert attraktivt for turistane utanom den tradisjonelle høgsesongen, og gå i dialog med partnerane som vi har avtale med. Ikkje alle stader har eit minimumstilbod for å kunne ta i mot vinterturistar, det er difor viktig å spisse innsatsen mot dei som har grunnlaget for å kunne rette seg mot segment som vil sjå fjell og fjord i vinterdrakt.

### 3.4. Olje og gass



Fylkesordføraren besøker Gjøa-plattform. Foto: Foto: Catrine Andresen/Engie



#### 3.4.1. Kva har vi oppnådd så langt?

Tala på sysselette innanfor olje- og gassbransjen i fylket har stege sakte, men jamt dei siste åra. Frå 2015 til 2016 auka tal sysselette innanfor bransjen frå 179 til 193. Medan sysselettingsutviklinga på nasjonalt nivå var negativ, var det i fylket ei sysselettingsauke på nærmare åtte prosent.

Del verksemdar som ligg i Sogn og Fjordane har derimot gått ned kvart år sidan 2009.

Diagramma over viser sysselettingsutviklinga innanfor utvinning, produksjon, distribusjon og handel av råolje og naturgass.

Lågare oljeprisar og auka kostnadsfokus har medført ein trongare marknad dei seinare åra. Satsinga på olje og gass i utviklingsprogrammet Supply Chain Network Sogn og Fjordane i regi av Maritim forening Sogn og Fjordane (MFSF) har ei overordna målsetting om dobla omsetning i i løpet femårsperioden. Denne vert ut frå endra marknadsforhold svært vanskeleg, kanskje umogeleg, å nå.






Diagramma under viser oversikt over omsetnad, tal årsverk og verdiskaping i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i perioden 2012-2015. Både omsetnad, tal årsverk og verdiskaping gjekk ned frå 2014 til 2015.



Omsetnad, årsverk og verdiskaping i leverandørindustrien til petroleumsnæringa. Kjelde: Maritim Forening

Det ein derimot har oppnådd er mellom anna følgjande:

- Oversikt over verksemder med eksisterande og planlagt aktivitet i petroleumsmarknaden<sup>16</sup>.
- Mobilisering av næringa i høve venta oppgang innan olje- og gassektoren. Fleire store prosjekt er no i startgroppa, der ikkje minst Snorre Expansion Project vert viktig.
- Gjennom m.a. nettverkssamlingar og speed-dating har verksemdene fått betre gjensidig kunnskap om kvarandre og konkrete samarbeidsrelasjonar er etablerte. Døme på slike er Hellenes og Wergeland, samt Westcon og Fjord base.
- Orientering mot nye marknads- og crossovermoglegheiter, primært i høve havbaserte næringar. Døme på slik ny orientering er maritime hydrogenverdikjedar, der MFSF med forankring i næringslivet no koordinerer ein Arenasøknad innan dette feltet.

### 3.4.2. Justeringar

Den petroleumsmarknadsretta innsatsen er delt i to.

- Petroleumsrådet har ansvar for politisk påverknad og som hovudkontaktpunkt i fylket overfor myndigheitsorgan, operatørselskap, osv.
- Maritim Forening Sogn og Fjordane har på si side ansvar for å engasjere og utvikle leverandørindustrien i fylket.

Både ansvarsdeling og innretting held fram som før, men i alle fall den politiske dimensjonen vil truleg bli påverka av samtidige prosessar mot fylkessamanslåing. Korleis dette vil slå ut mot slutten av denne handlingsplanperioden, er det vanskeleg å seie noko konkret om.

Det bedriftsretta arbeidet i innan olje og gass i regi av MFSF blir, etter dei signala vi har fått, vidareført som no.

<sup>16</sup>f t.d. digital leverandørkatalog (<http://leverandorkatalog.maritimsfj.no/>) og årlege verdiskapingsanalyser (<http://maritimsfj.no/verdiskapings-analyse/>)




### 3.5. Landbruk



Foto: Birthe Johanne F. Finstad

#### 3.5.1. Kva har vi oppnådd så langt?

Mål vekst i tal arbeidsplassar:



Sogn og Fjordane har same utvikling som resten av landet med færre føretak i jordbruket. I 2006 var det 3598 føretak medan det i 2016 var 2909 føretak i Sogn og Fjordane. Dette er ein nedgang på 689 føretak.

Ser vi på tal sysselsette viser tal frå SSB at Sogn og Fjordane har ein større relativ del tilsett i jord- og skogbruk enn landet samla, men vi har ein større nedgang enn snittet. Dette heng saman med at endringa går seinare i Sogn og Fjordane enn i resten av landet, der nedgangen i resten av landet no har flata ut. Det vart 3355 personar som arbeidde i landbruket i 2006 medan tala for 2016 var 1993. Dette er ei endring på 1362 personar eller ein nedgang på 40 prosent.


#### Føringa for arbeidet

##### Regionalt bygdeutviklingsprogram

Etter oppdrag frå Landbruksdepartementet har fylkesmannen utarbeidd Regionalt Bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane. Dette vert utarbeidd i samarbeid med faglagane, Innovasjon Norge, KS og fylkeskommunen. Programmet legg føringar for regionalt forvaltning av statlege tilskotsmidlar innan jordbruk, miljø og skogbruk. Frå 2019 skal det vere eit felles program for Hordaland og Sogn og Fjordane.

##### Fylkesmannen sine midlar til utvikling og tilrettelegging

Siste åra har Sogn og Fjordane fått 3,8 mill frå Landbruks- og matdepartementet til utgreiings- og tilretteleggingstiltak for landbruksbasert næringsutvikling. Midlane skal fremme omstilling, nyskaping og framtidsetta sysselsetjing i bygdene. Storfeprosjektet er døme på eit tiltak som er støtta frå desse midlane. Prosjektet arbeider med planlegging av nye lausdriftsfjøs for mjølk og storfekjøtt.



### **Innovasjon og nyskaping i landbruket**

Innovasjon Norge har ansvar for midlar til bedriftsretta næringsutvikling i landbruket. Midlane er forhandla fram gjennom Jordbruksavtalen og vert fordelt mellom fylka av Landbruks- og matdepartementet. Ramma for 2017 var på 42 mill. Gjennom dialog med faglaga, KS, fylkesmannen, fylkeskommunen vert midlane fordelt mellom ulike næringsgreiner der omstilling til lausdrift i mjølkeproduksjonen får mest midlar. Desse midlane er viktige for landbruksføretaka si investeringar i nye fjøs, planting av frukt og bær og satsing på lokal mat.

### Mål for programsatsingane

#### **Produksjonsvolum av mjølk og kjøt - sysselsetting ved foredling**

Omstillinga i landbruket går fort, og det har skjedd ei enorm effektivisering i næringa. Produksjonen av mjølk og kjøt er relativt stabil, sjølv om tala på føretak og arbeidsplassar går ned. Denne endringa skuldast både teknologiske, avlsmessige og bygningsmessige endringar. Primærproduksjonen er avgjerande for drifta av dei seks store aktørane i næringsmiddelindustrien i fylket, som til saman har kring 1000 tilsette. Dette er TINE Byrkjelo, TINE Vik, Nortura Førde, Nortura Sogndal, Nordfjord kjøtt og Lerum. I tillegg er det over 100 føretak som driv med lokal foredling av mat.

Vestlandet står for ein vesentleg del av den nasjonale produksjonen av frukt og bær. Ser vi Hordaland og Sogn og Fjordane samla har vi 94 % av pæreproduksjonen, 73 % av morellane, 57 % av plommene, 46 % av eplea og 66 % av bringebæra. Sogn og Fjordane åleine er størst på bringebær med 66 % og morellar med 45 % i høve til nasjonal produksjon.

Sogn og Fjordane har over tid registrert førstehands omsettingsverdi av frukt og bær. Dette er den verdien frukt- og bærmottaka får for produkta dei sel til grossist. Med dette får vi synleggjort at ulike kvalitetar har ulik verdi. Til dømes hentar vi ut tre gonger så høg pris på bringebær levert til konsum sett i høve til bringebær som går til industriell foredling. På same måte vil produksjon av morellar har ein mykje høgare omsettingsverdi per kilo enn eple. Førstehands omsettingsverdi for frukt og bær i Sogn og Fjordane i 2017 var 142 mill. kroner.

Verdien av tømmer er knytt til hogst av gran og furu. Sogn og Fjordane har kring 1 810 500 dekar økonomisk drivverdig skog, og av at dette er 380 000 dekar planta kulturskog som i hovudsak er gran. Hogsten i Sogn og Fjordane vil auke etter kvart som planta skogen vert hogstmogen. I 2017 var det hogge 133 378 m<sup>3</sup> gran og 5 438 m<sup>3</sup> furu til ein samla bruttoverdi på 42,6 mill.

#### **Mål for programsatsingane:**

Sogn og Fjordane har nådd måla som er sett med omstilling til lausdrift i mjølkeproduksjonen, då 46% av mjølka no kjem frå lausdriftsfjøs. Vi har også lukkast i å auke produksjonen av storfekjøtt, og fått ei fornying av sauefjøs. Verkemiddel i dette arbeidet har vore rådgjeving gjennom Storfeprosjektet og prosjektet Utmarksbasert kjøttproduksjon. Desse prosjekta går i regi av Sogn og Fjordane Landbruksselskap og Norsk Landbruksrådgiving Vest. I tillegg har Innovasjon Norge sine investeringstilskot vore avgjerande.

Måla om auka verdiskaping i hagebruket vert følgd opp gjennom Programstyret for frukt og grønt. Marknaden spør etter meir frukt og bringebær/jordbær til konsum. Investeringsmidlane frå Innovasjon Norge er avgjerande får å nå måla.

Målet om å arbeide med områdeplanar for skogsveg er nådd. Her har Sogn og Fjordane skogselskap eit prosjekt som kartlegg skogressursen og planlegg vegløysingar på tvers av eigedomsgransene.

Målet om å arbeide for auka lokal foredling av mat er nådd. Det er no over 100 bedrifter som driv med foredling, servering og opplevingar knytt til mat. Kartlegging av omsetning i lokalmatbedrifter i 2013 viste ei samla omsetning på 120 mill. Dette vert følgd opp med ny kartlegging for 2017. Oppfølging av dette arbeidet skjer i samarbeid mellom Kompetansenavet Vest, Fylkesmannen og Innovasjon Norge. Det er framleis få reiselivsbedrifter i fylket som profilerer seg på lokal mat.

### 3.5.2. Justeringar

Landbruk i Verdiskapingsplanen vart vedteke av fylkestinget i april 2016. Det er kort tid sidan planen vart vedteken, og difor ikkje grunn til å gjere endringar no.

Det er formulert nye føringar for landbruksnæringa i Regional plan for klimaomstilling. Desse føringane vert integrerte i arbeidet.

**Måleindikatorar**

**Måleindikatorar hovudmål 1: Sogn og Fjordane skal auke lokal verdiskaping ved produksjon og foredling av mjølk, kjøt, frukt/ bær og trevirke.**

Kjøt og mjølk	2016	2017	2018	Målepunkt
Volum mjølk (mill. liter)	106			Årleg
% av mjølka frå lausdrift	43	46		Årleg
Tal ammekyr	1 914			Årleg
Volum av storfekjøt (tonn)	4 623			Årleg
Tal sau	92 350			Årleg
Volum av lammekjøt (tonn)	2 268			Årleg

Frukt og bær (tonn)	2016	2017	2018	Målepunkt
Eple	868			Årleg
Plommer	232			Årleg
Morellar	157			Årleg
Bringebær	1 484			Årleg
Jordbær	168			Årleg
Volum av lammekjøt (tonn)	2 268			Årleg

Skogbruk	2016	2017	2018	Målepunkt
Hogst (m <sup>3</sup> )	144 654	138 816		Årleg
Planta (dekar)	1481			Årleg

**Måleindikatorar hovudmål 2: Sogn og Fjordane skal auke tal arbeidsplassar og folketalet i aktive landbruksbygder.**

Rekruttering til landbruket	2016	2017	2018	Målepunkt
(elevar frå Sogn og Fjordane)	2016	2017	2018	Målepunkt
Tal elevar på naturbruk vg1	25	28		Årleg
Tal elevar på naturbruk vg3	17	19		Årleg
Tal elevar på naturbruk vg3 økologiske	7	4		Årleg
Tal elevar på «vaksenagronomen»	15	14		Årleg
Tal landbruksvikarar	74	104		Årleg



**Måleindikator hovudmål 3: Sogn og Fjordane skal samordne innsatsen for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar**

Samordna FoU-innsats	
Forskningsprosjekt med støtte frå RFF eller NFR	2016: <ul style="list-style-type: none"> <li>Fornyng av langvarig eng sett i eit produksjons-, klima- og kostnadsperspektiv. Søkjar: Nibio</li> <li>Fragmentering av jordbruksareala – årsaker, konsekvensar og tiltak. Søkjar: Ruralis</li> <li>Produksjon av algar for framtida. Søkjar: Nibio</li> <li>Lagring av karbon i eng. Søkjar: Nibio</li> <li>Omgraving av myr og redusert klimagassutslipp frå organisk jord. Søkjar: Nibio</li> </ul>
	2017: <ul style="list-style-type: none"> <li>Robothausting av gras i eit våtare klima på Vestlandet. Søkjar: NMBU/Nibio.</li> </ul>

**Måleindikator hovudmål 4: Sogn og Fjordane skal vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet.**

Nasjonal politikk	2016	2017	2018	Målepunkt
Uttale til jordbruksforhandlingane	Ja	Ja	Ja	Årleg
Utbetalt nasjonale tilskot til landbruksføretak (kroner)	572 157 667			Årleg

**Fireårig overordna handlingsplan 2018-2021**

**Delmål 1: Verdiskaping ved produksjon og foredling**

- Mjølkk og storfekjøtt: omstilling til lausdrift og fleire ammekyr
- Grovfôr: auka produksjon av lokalt fôr
- Regional merkevare: avklare vidare arbeid med prosjektet Lam frå Sogn
- Skogbruk: utarbeide områdeplanar for skogsveg
- Hagebruk: mobilisering for auka fruktdyrking
- Lokal mat: fleire bedrifter som foredlar mjølkk
- Mat og reiseliv: fleire reiselivsbedrifter som profilerer seg på lokal mat

**Delmål 2: Sysselsetting og busetnad**

- Vaksenagronomen: vidareutvikle tilbodet
- Heilårs sysselsetting: avklare om det er grunnlag for vidare arbeid
- Omsetting av gardsbruk og tomter: avklare om det er grunnlag for vidare arbeid

**Delmål 3: Forsking, utvikling og innovasjon**

- Samordna FoU: Følgje opp FoU-arbeidet gjennom programstyra
- Bruk av RFF: Avklare forskingstema og søke regionale og nasjonale forskingsmidlar

**Delmål 4: Nasjonale rammevilkår**

- Jordbruksforhandlingane: gje årleg uttale etter innspel frå faglaga
- Prioritert beiteområde: sikre årleg uttak av rovdyr
- Regionale støtteordningar: utarbeide ordningar som er felles for det nye fylket Vestland

### 3.6. Kunnskap



Foto: Falkeblikk/Hvl

#### 3.6.1. Innleiing

I den fireårige handlingsplanen 2015-2018 vart det formulert 5 ambisjonar fram til 2018. I industristrategi for Sogn og Fjordane vart det peika på utvikling av Teknologicampus i Førde som oppgåve.

Etter initiativ frå nasjonale styresmakter har det i tillegg vorte sett i gang arbeid med å utvikle regionale kompetansestrategiar. Her er det laga strategiar innan verdiskaping, kompetansebehov, arbeidskraftbehov, utdanningsstrategiar, bustadattraktivitet og rekrutteringsstrategiar.

Vi ser desse prosessane i samanheng nedanfor.

#### 3.6.2. Vi formulerte fem ambisjonar i 2015<sup>17</sup>

##### 3.6.2.1. Kva skal vi leve av i framtida?

Sogn og Fjordane har ein allsidig næringsstruktur. Dette styrker evna vår til omstilling, nyskaping og å tole konjunktursvingingar som ramar bransjar ulikt. Å bruke verkemiddel for å spesialisere oss til ein meir ein-sidig næringsstruktur, har ikkje vore ønskjeleg.

Eit alternativ er å buke ressursar på innsats som kan vere nyttig for ulike bransjar.

To døme:


- Digitalisering og robotisering. Vi har fått midlar til IKT utdanning og til eit kapasitetsløft innan FoU og høgare utdanning delfinansiert saman med Noregs Forskingsråd og Sparebanken Sogn og Fjordane.
- Det grønne skiftet. Hydrogenprosjektet er eit døme. Eit anna er etableringa av Lefdal Mine Datacenter. Kunnskapsinnsats gjennom VRI-prosjektet frå 2009 og utetter medverka til opning i 2017.

Både arbeidet med digitalisering og det grønne skiftet kan knytast sterkare til strategiar for fornying og omstilling. Her er framleis ugjort arbeid. Næringsforum tek seg tid. Ein ønskjer ikkje hastverksarbeid og lettvinne strategiar. Regionalt forskingsfond har finansiert eit forskingsprosjekt 'The drivers of regional economic restructuring', som skal analysere drivkrefter for innovasjon og omstilling for næringslivet på Vestlandet. Prosjektet vil vare fram til sommaren 2020 og vil venteleg gi oss auka innsikt i langsiktige kunnskapsstrategiar knytt til våre føremøner for fornying og omstilling.

##### 3.6.2.2. Vidaregåande skular, fagskulen og høgskulen som kompetansesenter

Vi er ikkje i mål, men mykje er oppnådd i å knyte saman opplæringsinstitusjonar, næringsliv og verkemiddelapparat. Eid, Stryn, Årdal, Sogndal og Aurland kan nemnast mellom fleire. Arbeidet knytt til verdiskapingsplanen har særleg vore konsentrert om to hovudprosjekt:

- Undervisningskonsesjon knytt til Måløy vidaregåande skule er etablert. Sjå rapporten om sjømatnæringane.
- Teknologicampus i Førde



Modell nytta i arbeidet med kompetansestrategiar




<sup>17</sup><http://verdskapingsplanen.no/handlingsplan/5-kunnskap/5-3-hovudaktivitet-med-milepaelar/5-3-3-utviklingsarbeid-5-ambisjonar-fram-til-2018/>

Dei teknisk retta høgskuleutdanningane er hovudsakleg knytt til ingeniørutdanningane ved Campus Førde, der Teknologicampusprosjektet er viktig for å identifisere mogelege synergjar mellom høgskulen, fagskulen og vidaregåande skule - først og fremst innan dei tekniske utdanningane. Potensiale for vidare samarbeid både innan kompetanseutvikling, investeringar og arealeffektivisering blir kartlagt.

Partnerane har sett i gang arbeid med koordinering av felles lab- og utstyrksfunksjonar, utdanningsstrategiar, og praktisk tilrettelegging for aktivitetar i eit kurs- og kompetansesenter.

Arbeidet med kompetansestrategiar har så langt synt at vi treng løpande utvikling av strategiar og tiltak. Det er så langt prioritert seks områder for strategiutvikling innan opplæring

### 3.6.2.3. Kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting




Arbeidsfeltet er avtala lagt til Innovasjon Norge. Til grunn ligg eit oppdrag om å prioritere kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting (KIFT) sidan desse arbeidsplassane er attraktive for høgt utdanna ungdom. Bransjane er grovt sett såkalla allmenne kunnskapstenester, medietenester, ikt-tenester og finans. I tillegg til arbeidet i Innovasjon Norge, er også SIVA-programma for næringshagar og inkubatorar viktige.

Når det gjeld bedriftsinitiativa i 2014-2017 rapporterer Innovasjon Norge stor aktivitet i perioden, med framvekst av mange spennande bedriftsmiljø.

Mellom bedrifter som har nytta seg av Innovasjon Norge sine ordningar finn vi Avans AS, Tibber AS, Patiensky AS, Sødermann Rådgivning AS og Paneda AS. Ein koplar bransjekunnskap og it-kompetanse og skaper spennande og framtidsretta bedrifter/arbeidsplassar.






Syssetsetjingsutvikling i KIFT (kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting). Differanse til andre fylker (ekskludert dei fem sørnorske storbyfylka).

Talmateriale syner at Sogn og Fjordane taper terreng samanlikna med landet elles, men at tendensen er meir positiv i slutten av perioden.

Avansert tenesteyting i eit distriktsfylke vil ha størst sjanse til å lukkast hjå kundar i sterke næringsmiljø, heller enn mot personmarknaden.



SIVA-verkemidla Inkubator og Næringshage medverkar også til utvikling av kunnskapsintensive (tenesteytande) arbeidsplassar.


#### 3.6.2.4. Innovative og internasjonalt orienterte nettverk

Gjennom VRI-arbeidet har forskarar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (no HVL) og Vestlandsforskning laga ei verktøykasse til hjelp for å initiere, utvikle og ev omstrukturere arbeidet gjennom såkalla "klynger", innovasjonsnettverk, i distriktssamfunn. Målet er å utvikle partnerskapen sine evner som gode arenabyggarar for samarbeid mellom forskning, bedrifter, det offentlege verkemiddelapparatet og brukargrupper. Fylkeskommunen vidarefører arbeidet i Interreg Europe prosjektet P-IRIS ("Policies to improve rural areas' innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools") saman med partnerskapen.

#### Nye internasjonale nettverk vi nyleg har teke i bruk:

- Regionane sitt europeiske forskings- og innovasjonsnettverk (ERRIN), der vi er medlem gjennom Vest-Norges Brusselkontor.
- Europeiske samarbeidsarenaer innan hydrogen og innan maritim fornybar energi

Gjennom utekontora til Innovasjon Norge får vi tilgang til nettverk og marknadsinnsikt. Våre etablerte nettverk i Nordsjøkommisjonen, det nordatlantiske samarbeidet NORA og fjellregionsamarbeidet Euromontana, er framleis nyttige arenaer for å få nye impulsar gjennom internasjonal kontakt.



### 3.6.2.5. Rekruttering

Den praktiske og godt innarbeidde aktiviteten skjer gjennom Framtidsfylket AS. Arbeidsfeltet har ikkje fått ei operativ form ut over dette. Gjennom KS har ein drøfta at auka ambisjonar for arbeid med rekruttering, attraktivitet og omdømmebygging må skje i samarbeid med kommunane. Arbeidet med Regional plan for kultur, og fylkeskommunen sitt arbeid med strategi for senterstruktur og tettstadutvikling, skal vidareføre det heilskaplege arbeidet med rekruttering.

### 3.6.3. Forsking og utvikling


Den viktigaste innsatsen for å mobilisere til meir forskning i næringslivet har vore VRI-prosjektet saman med Forskningsrådet og etablering av Regional forskingsfond for Vestlandet.

VRI-arbeidet er vidareført i 2017 for å mobilisere til bruk av ulike forskingsprogram. Skattefunn er mest brukt i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen og forskingsrådet har løyvd midlar til å mobilisere til bruk av EU sitt Horisont 2020. Fire prosjekt har fått gjennomslag i 2017 som følgje av dette arbeidet.

I Regionalt Forskningsfond Vest deltek vi i eit omfang som svarar til målet om å få «tak i» vel 20% av midlane (figur nedanfor).

Sogn og Fjordane sin del av total støtte - prosent kumulativt år for år



Regionalt forskingsfond Vest. Sogn og Fjordane sin del av øyvingane.

#### VRI

VRI-prosjektet var eit tiårig samarbeid med forskingsrådet, som vart sluttført i 2016.

På det siste styremøtet vart dette trekt fram som viktige resultat av samarbeidet:

- Vi la grunnlaget for samarbeidet mellom energibransjen og høgskulen.
- Vi la grunnlaget for reiselivsplanen og eit forskingsprogram innan reiseliv.
- Tenesta kompetansemekling har mellom anna vore viktig for:
  - o Datalagring i Lefdal Gruve
  - o N-Link
  - o Havkraft
  - o Sogn Aqva
  - o Blue Fjord
  - o Better Player
  - o Simas næringsprosjekt
- VRI har gitt auka mobilitet mellom høgskulen og næringslivet i form av:
  - o Bacheloroppgåver
  - o Tilbodet nærings-Ph.D
  - o Bedriftsbesøk
  - o Dialogkonferansar arrangert av studentar
- VRI har vore eit lågterskel-tilbod for å få vurdert FoU for bedrifter.

VRI-programmet har også finansiert innovasjonsforskning.

I figuren til høgre vises omfanget av FoU aktivitet i Sogn og Fjordane, samanlikna med i landet som heilskap. Verdi under 1 betyr at Sogn og Fjordane ligg under landsgjennomsnittet, og det er tilfellet for alle dei åtte indikatorane.

Det bør likevel nemnast at den fylkesfordelte statistikken over FoU-investeringar kan gi eit noko skeivt bilete av røynda. Sidan det skjer ein betydeleg handel med FoU- tenester over fylkesgrensene, vil FoU arbeid som verksemdar i Sogn og Fjordane kjøper hjå forskingsinstitusjonar i andre fylke felle til desse fylka i indikatoren «FoU som del av fylkets bruttoprodukt».


Indikatorane der Sogn og Fjordane er nærast nivået for landet som heilskap er «Offentleg finansiering av FoU», «Tilsagn frå innovasjon Norge» og «Bedrifter med innovasjonsaktivitet». Offentlege støtteordningar er vesentlege for FoU aktiviteten i privat sektor. At omfanget av innovative bedrifter er høg i Sogn og Fjordane samstundes som FoU utgiftene er låge tyder på at innovasjonen i fylket er mindre FoU-driven enn i landet generelt.

Den relativt låge FoU-intensiteten i næringslivet kan i nokon grad forklarast med næringsstrukturen i fylket, fordi næringar som er lite FoU-intensive er store i Sogn og Fjordane, medan meir FoU-intensive tenesteytande næringar er svake i vårt fylke

### 3.6.4. Arbeidet med kompetansestrategiar

Stortingsproposisjon 84 S (2017) definerer kompetanse som eitt av områda der fylkeskommunane har fått eit utvida samfunnsoppdrag. Målsettinga er å styrkje den strategiske rolla til regionalt folkevalt nivå i utviklinga av den regionale kompetansepolitikken, og ifølgje NAV sine vurderingar har Sogn og Fjordane store utfordringar når det gjeld å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i åra framover.

For Sogn og Fjordane er det det definert fire innsatsområder som grunnlag for arbeidet; verdiskaping, kompetansebehov, utdanningsstrategiar og bustad-attraktivitet/generelle rekrutteringsstrategiar.




Mangel på arbeidskraft i følge bedriftsundersøkinga til NAV etter næringsgruppe. Gjennomsnittleg mangel 2010 til 2017

### 3.6.5. Justeringar

Opphavleg ambisjon i verdiskapingsplanen var å dele nyskaping og kunnskap slik at:

- Nyskaping skulle handle om infrastruktur i form av evna til å reagere på gode initiativ
- Kunnskap skulle handle om å utvikle samspelet mellom verkemiddelapparatet, kunnskapsmiljøa, brukarmiljø og næringslivet

Denne rolledeling vart ikkje tenleg. Derfor ser vi justeringane både for nyskaping og kunnskapssatsinga under eitt nedanfor.



Omfanget av FoU aktivitet i Sogn og Fjordane, samanlikna med i landet som heilskap.



### 3.7. Nyskaping - evne til å fange opp gode initiativ




Foto: Headway on Unsplash

#### 3.7.1. Innleiing

Arbeidet med nyskaping er etablert for å utvikle evna til å fange opp gode initiativ. Arbeidet har vore delt i arbeidsområda:

- Offentlege tenester
- Næringsapparatet
- Legge til rette for entreprenørskap
- Verkemiddelpolitikk

#### 3.7.2. Offentlege tenester

##### Kva har partnerskapen oppnådd?

##### Breiband

I løpet av planperioden 2015-2017 er det bygd breiband for totalt 300 millionar kroner med offentlig delfinansiering. 112 millionar er tilskot frå NKOM til prosjekt i Sogn og Fjordane denne perioden.

Fylket har gått frå å ha dårlegast dekning av fiberbasert breiband til i 2017 til å ha ei dekningsgrad på 53 %. Resultatet har komme på grunn av godt samarbeid i partnerskapen mellom kommunane, fylkeskommunen og IT-Forum.

I planperioden 2015-2018 kom politiske vedtak på ein fylkeskommunal breibandstrategi, med mål om etablering av neste generasjon breiband til alle bedrifter og husstandar innan 2020.

##### Lærdom frå arbeidet:

God utteljing innan breibandsatsinga kom grunna godt samarbeid i partnerskapen.

#### 3.7.3. Eit enno betre næringsapparat

##### Kva har partnerskapen oppnådd?

##### Etableraropplæring

Vi gjennomfører etablerarkurs i fire regionar årleg: HAFS, Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Rundt 50 personar deltek på kursa årleg. Etter 2016 er etablerarkurset korta ned og reindyrka etter «lean startup»-modellen. Utvalde tema blir tilbode som eigne kveldskurs, sidan dei eignar seg like godt for etablerte småbedrifter som for gründerar.

##### Lærdom frå arbeidet:

- Mange av deltakarane på det grunnleggande etablerarkurset tek også del på temakursa. Temakurset innan økonomi hadde 48 deltakarar i 2017, dvs i snitt 12 deltakarar pr kurs. Vi ønskjer å få fleire etablerte småbedrifter til å ta del på desse kursa.
- Evaluering av kurs viser at vi oppnår mye av det vi ønskjer med kursa.
- Alle kursa er gratis og vi får god hjelp frå førstelinetenesta til rekruttering. I tillegg kjem betalt marknadsføring på Facebook og i lokalaviser. Fråfall ved oppmøte til temakursa skjer, og det kan vere at ei kursavgift kunne sikra oppmøte betre for desse kursa.


## Driftig.no

Driftig.no er ein nettstad med informasjon om det å starte eller vidareutvikle bedrift i Sogn og Fjordane, og rådgjevarar ein kan kontakte om dette. Ressursane til Driftig i 2017 har gått med til:


- Oppdatere og forbetre informasjonen på nettsida driftig.no
- Økonomisk støtte til gründerar frå heile fylket som ønska å delta på Framtidsfylket sine karrieremesser i Oslo, Bergen og Trondheim
- Verdas Beste Sommarjobb i 2017, eit prosjekt for å promotere næringsappararatet i fylket, og syne moglegheita til å starte eiga verksemd her
- Utarbeide utkast til strategi for Driftig 2018-2020
- Starta opp ei lukka Facebook-gruppe kalla «Framdriftig», for næringsmedarbeidarar. Grappa er til for å dele informasjon, erfaringar, nyhende, køyre debatt mm.

Lærdom frå arbeidet:

- Det er behov for å etablere ein strategi for Driftig for å sikre at aktivitetane er i tråd med formålet med nettstaden.
- Verdas Beste Sommarjobb 2017 ga Driftig publisitet, men prosjektet var for ressurskrevjande til ikkje å vere ei kjerneverksemd for nettstaden
- Den nye nettstaden er meir brukt og betre likt blant næringsmedarbeidarar i fylket.
- Ein kommunikasjonskanal der næringsmedarbeidarar kan møtast og dele informasjon er oppretta på Facebook for hyppigare kontakt mellom aktørar i førstelinetenesta.



Diagrammet viser nyetableringar



Nyetableringar fordelt på bransjar. Peioden 2014-2016

### **Næringsapparat**

Vi arbeider kontinuerleg med kompetanseheving og erfaringsutveksling for næringsmedarbeidarar i m.a. kommunar og næringssekskap. Vi arrangerer minst ei årleg samling, der vi har god deltaking. Og vi arrangerer ein årleg studietur, som også brukar å ha god deltaking. Vi tilbyr også ei rekkje kurs til næringsmedarbeidarane, og her kan vi ha litt låge deltakartal for nokre av kursa. Men kursa er viktige nok for nye næringsmedarbeidarar, der dei også kjem i kontakt med kollegaer i andre kommunar.

#### **3.7.4. Legge til rette for entreprenørane**

##### **Entreprenørskap i skuleverket**

UE Sogn og Fjordane har ei aktiv tilnærming til grunnskular, vidaregåande skular, Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen i Sogn og Fjordane når det gjeld etablering av elev- ungdoms- og studentbedrifter i fylket. Blant anna har vi faste møter med skuleleiarar i dei vidaregåande skulane der vi summerer opp det som har vore gjort, og saman med dei legg planar for vidare for satsing på entreprenørskap og bedriftsetablering. Lærarar og elevar får tilbod om kurs i ulike tema ved fleire høve i løpet av eit skuleår. Dette resulterer i etablering av omlag 150 bedrifter totalt kvart skuleår. I tillegg er UE Sogn og Fjordane aktivt til stades på aktuelle møteplassar som Samarbeid for styrka læring, Sogn Regionråd, HAFS region pedagogisk avdeling.

#### **3.7.5. Verkemiddelpolitikk**

##### **Kva har partnerskapen oppnådd?**

I 2015 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune inn med 1,5 millionar til etablering av eit nytt såkalla pre-så Kornfond i Sogn og Fjordane. Dette er risikoviljug eigenkapital som kan skytast inn i nystarta bedrifter. Løyvinga vart gjort i eit samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken, som også bidrog med midlar. Fondet er administrert av Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Etableringa av fondet var ei direkte oppfølging av Verdiskapingsplanen for 2015-2018 som peika på behovet for tilgang på risikoviljug eigenkapital i Sogn og Fjordane.

##### **Styrking av kapitalen i Fjord Invest Såkorn AS**

I februar 2017 vedtok fylkestinget å løyve fem millionar kroner som del av ei aksjekapitalutviding i Fjord Invest Såkorn AS. Dette gjer selskapet i stand til å gjennomføre nye investeringar, samt oppfølgingsinvesteringar i dei selskapa som Fjord Invest Såkorn AS alt er deleigar av. Selskapet er inne på eigarsida i bedrifter som Beat AS, Rocketfarm AS, Østerbø Maskin AS, Quality Intervention AS og Havkraft AS.



### 3.8. Justeringar innan Kunnskap og nyskaping



Foto: Lefdal Mine Datacenter

#### Store omstillings-utfordringar kan illustrerast med nokre få stikkord:

- Eit kunnskapsbasert næringsliv.
- Ny teknologi.
- Globalisering og sentralisering
- Miljøutfordringar

I tillegg står store deler av partnerskapen ovanfor ei organisasjonsendring der det nye regionnivået Vestland fylke vert utvikla. Nokre partnarar er alt i gang.

#### Viktige lærdommar:

- Kunnskapssatsinga handlar i stor grad om å utvikle konkurransekraft, omstilling og nyskaping. Det er lite tenleg å skilje arbeidsfeltet Kunnskap og Nyskaping
- Avgrensinga som ligg i å satse på bransjar, kan stenge for fornying gjennom innovasjon på tvers av bransjar. Verdiskapingsplanen må skape rom for den fornyinga som særleg klimautfordringane og digitaliseringa medfører. Vi må legge til rette for innovasjonsnettverk og møteplassar på tvers av bransjar

Regionreforma vil styre prioriteringar og tidsbruk dei kommande åra. Partnerskapsarbeidet bør derfor bli konsentrert om nokre få prioriterte siktemål

- Før regionreforma er formelt etablert satsar vi for å bygge opp gode lokale innovative miljø.
- På lengre sikt satsar vi for å sikre at gode modellar i utviklingsarbeidet vårt vert ivareteken og vidareutvikla i det nye Vestland fylke

For å utvikle gode lokale nyskapande miljø, vil partnerskapsarbeidet bli konsentrert om fire operative arbeidsområde:

Prioriterte partnerskapstema - Verdiskapingsplanen		
Innovasjons-infrastruktur	Arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppfølging av regional kompetansestrategi</li></ul>	Innovasjonsnettverk <ul style="list-style-type: none"><li>• lokale «klynger»</li></ul>
Bedriftsretta arbeid	Innovasjon på tvers av bransjar Møteplassar	Kunnskapsintensive tenesteytande næringar

Desse fire arbeidsfeltet, samt overordna FoU strategi og internasjonal strategi, vert omtala nærare nedanfor. Føringane frå industristrategien, regional strategisk plan for kysten og regional plan for klimaomstilling er inkludert i arbeidet.

I tråd med ambisjonen om å konsentrere innsatsen, ønskjer partnerskapen at godt innarbeidde oppgåver vert løyste som del av dagleg drift og samarbeid. Sjølv om ei oppgåve er svært viktig, trengst det ikkje alltid at alt blir planlagt, rapportert og vurdert som del av formell Regional plan.

Fylkeskommunen skal derfor frå no og fram til nytt fylke vert etablert ta ansvar for desse viktige, men på same tid godt innarbeidde oppgåvene:

- Nyskaping. Arbeidsoppgåver fram til no er lista opp som:
  - Offentlege tenester. Sjå eigen breibandstrategi<sup>18</sup>
  - Samarbeid med det kommuneretta næringsapparatet
  - Etablerar-opplæringa
  - Verkemiddelpolitikk
- Kunnskap. Arbeidsoppgåver fram til no er lista opp som:
  - Arbeidet med rekruttering<sup>19</sup>
  - Entreprenørskap i skulen

Næringsforum vurderer oppgåvene ovanfor som viktige, men partane ønskjer å konsentrere seg om dei følgjande fire punkta.

### 3.8.1. Arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar

Fylkesutvalet handsama eit notat om kompetansestrategiar 22. november 2017. Dette er ein kortversjon:

#### Kvalitativt mål:

- Arbeidskraftbehov
  - Basert på NAV-analyse og vurdering er manglande kapasitet og kompetanse i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane ei utfordring både på kort og lang sikt. Situasjonen krev utvikling av strategiar og tiltak for å utvikle arbeidsstyrken, og medfører høgare krav til samhandling og mobilisering
- Utdanning

Desse måla står sentralt i det vidare arbeidet:

  1. Legge til rette for heile og attraktive utdanningsløp som gjer at kompetansen og arbeidskrafta i større grad blir i Sogn og Fjordane.
  2. Styrke rekrutteringa til real- og yrkesfagutdanningar.

#### a) Høgskuleutdanning

Utvikling av Campus Sogndal og Campus Førde er avgjerande for å utvikle arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane .

#### b) Fagskuleutdanning

Storting et har vedteke at fagskulen får status som høgare yrkesfagleg utdanning, altså høgskulestatus. Vedtaket gir grunnlag for vidareutvikling av kvalitet i fagskuleutdanninga, og vil styrke samanhengen i utdanningsløpa. Fagskulen i Sogn og Fjordane har ein utviklingsstrategi som vil bidra til å styrke skulen si regionale rolle.

#### c) Fag- og yrkesopplæring

Utvikling av eit breitt kunnskapsgrunnlag er viktig for å auke gjennomføringsgraden i fag- og yrkesopplæringa.

#### d) Etter- og vidareutdanning


Ei meir systematisk satsing på etter- og vidareutdanning bør også sjåast i samheng med fagskulen sitt prosjekt for utvikling av eit næringsretta kurs- og kompetansesenter. Fagskulen i Sogn og Fjordane bør ta ei leiande rolle i den regionale partnerskapen for utvikling av næringsretta strategiar for etter- og vidareutdanning.

#### e) Vaksen- og vidaregåande opplæring

Utviklingspotensialet innan vidaregåande opplæring for vaksne, og vurdering av konsekvensar ved ei auka satsing innan dette området, må utgreiast. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med aktuelle regionale aktørar.

#### f) Teknologifaget i grunnopplæringa

Ei sterkare regional satsing på teknologifaget i grunntdanningane er viktig for å styrke rekruttering til real- og yrkesfaga. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med KS, gjennom samarbeidsforum for kvalitet i grunnopplæringa.



Framtidig arbeidsstyrke samanlikna med 2016, framskriving med 2 ulike nivå på innvandringa

#### Ansvar:

NAV og fylkeskommunen v/ Opplæringsavdelinga

<sup>18</sup><http://www.sfj.no/getfile.php/3582439.2344.xyxfvtsqvx/Strategi+Breiband+SFj+2016-2020.pdf>

<sup>19</sup>Arbeidet med rekruttering vert teke vidare i arbeidet med Regional plan for kultur, og i planlagt strategiarbeid for senterstruktur og tettstadutvikling. Dette er i samsvar med regional kompetansestrategi.



### 3.8.2. Innovasjonsnettverk

#### Fysisk infrastruktur

Både breiband og samferdsle knyter saman næringsmiljø. Breibandkvaliteten er særleg viktig for å kunne knyte saman bedrifter, verkemiddelapparatet og forskingsmiljø med geografisk avstand. Vi viser til breibandstrategien og regional transportplan.

#### Kunnskapsdeling

Kjernen i innovasjonsarbeidet er kunnskapsdeling. I overgangen til nytt fylke vil vi prioritere lokale innovasjonsnettverk<sup>20</sup>. Vil vi prioritere innovasjonssystem som dekker vid geografi først når det nye fylket er etablert.

#### Kvalitative mål:

- Maritim Foreining utviklar seg som innovasjonsnettverk for nyskaping innan det såkalla havrommet.
- Forum for Grøn Energi utviklar seg som innovasjonsnettverk for fornybar energi. Når utviklingsprosjekt innan fornybar energi har energibrukarar som målgruppe, ligg det til rette for nyskaping på tvers av sektorar.
- Etablering av Teknologicampus i Førde

#### Påbyrja arbeid som må fullførast med positivt resultat:

- Etablering av minst eit Arena -prosjekt<sup>21</sup> innan 2020. Kandidat er næringsmiljøet som arbeider med hydrogen.
- Vi etablerer oss som aktiv deltakar i minst eitt europeisk nettverk knytt til Havrommet eller arbeidsfeltet Energi innan 2020.

Fylkespartnarskapen ønskjer i tillegg å medverke til innovasjonsaktivitet i lokale nettverk, til dømes med hjelp av næringshagane og inkubatorane. Fylkeskommunen vil tilby kompetanseutvikling basert på ei verktøykasse<sup>22</sup> og som del av det europeiske prosjektet P-IRIS<sup>23</sup>.

Fylket manglar gode verkemiddel i test- og demonstrasjonsfasen av ein innovasjonsprosess. Vi fekk ikkje gjennomslag i første utlysing i SIVA-programmet Katapult<sup>24</sup>. Det er eit mål å knyte ulike innovasjonsnettverk opp mot test- og demonstrasjonssenter, og å arbeide for å få denne typen tenester også i fylket vårt. Prioritert no er Teknologicampus i Førde.

#### Ansvar:

Nærings- og kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

### 3.8.3. Møteplassar

#### Bakgrunn

For å omstille arbeidslivet i fylket til auka del høg produktive bransjar treng vi det ein kan kalle "entreprenørielle oppdagingsferder". Då kan noverande sterke sider bli utvikla på nye område. Aktiviteten Møteplassar er ein strategi for å skape omstilling og fornying. Aktiviteten er ankerfesta i industristrategien og i arbeidet med forskingsmobilisering, til dømes i tenesta VRI4<sup>25</sup>, og i eit større prosjekt Teknoløft<sup>26</sup>, som blir sett i gang i 2018.

Aktiviteten møteplassar skal vere fleksibel. Initiativ som vert prioriterte, må kome frå grasrota. Vi prioriterer møteplassar som styrkar målet om å skape attraktive arbeidsplassar, som er basert på at kompetansen vi har i fylket, og som handlar om ny teknologi og/eller om å løyse samfunnsutfordringar.

Med bakgrunn i kunnskapssatsinga, og etablert samarbeid med Noregs forskingsråd om Forregion<sup>27</sup>, prioriterer vi:

- Møte med ei eller fleire bedrifter for å avklare potensiale for forskingsinnsats. (VRI4)
- Møte med ei eller fleire bedrifter for å legge til rette for deltaking i Horisont 2020<sup>28</sup>. (EU-nett)
- Møte med ei eller fleire bedrifter med utgangspunkt i prosjektet Teknoløft.

Med bakgrunn i industristrategien har aktiviteten «møteplassar» alt prioritert og er under utvikling som del av arbeidet.

Dei nemnde aktivitetane skal samordnast.

#### Kvalitative mål:

- Gjennom VRI4 og EU nett skal vi oppnå fleire FoU-søknader frå fylket til regionale, nasjonale og internasjonale FoU-program.
- Gjennom tekno-møteplassar skal vi setje omstilling knytt til digitalisering på dagsorden i mindre bedrifter. Utprøving skjer i 2018, målet er fire arrangement med minst fem bedrifter representert på kvart arrangement.
- Vi vil skape fornying og omstilling ved å bringe saman bedrifter for konkret problemløysing. Aktuelle samfunnsutfordringar er det grønne skiftet og velferdsteknologi. I tillegg kan bedrifter setje eigne utfordringar på dagsorden. Utprøving skjer i 2018, og målet er tre arrangement.

<sup>22</sup> <https://www.vestforsk.no/nn/publication/verktoykasse-strategisk-arbeid-med-innovative-nettverk>

<sup>23</sup> <https://www.interregeurope.eu/p-iris/>

<sup>24</sup> <https://siva.no/norsk-katapult/>

<sup>25</sup> <http://www.sjf.no/vri4-sogn-og-fjordane.5963606.html>

<sup>26</sup> <https://www.vestforsk.no/nn/2017/teknologiloft-sogn-og-fjordane>

<sup>27</sup> <https://www.forskningsradet.no/prognett-regionsatsing/Forside/1254019513299>

<sup>28</sup> <http://www.innovasjon Norge.no/finansiering/eu-finansiering-gjennom-horisont-2020/>



### Investorforum

Det vert også jobba med å leggje til rette for å etablere eit investorforum i Sogn og Fjordane. Ei konkretisering av dette vil skje i 2018. Målet er betre tilgang på risikoviljug eigenkapital i ei tidleg fase, til gagn for gode grunderprosjekt i Sogn og Fjordane.

Mål: Etablering av investorforum

#### Ansvar:

Nærings- og kulturavdelinga

### 3.8.4. Kunnskapsintensive tenesteytande næringar

Partnarskapen vil medverke til å skape auka merksemd kring innsatsen.

- Innovasjon Norge sin avtala om innsats held fram som no. I tillegg til bedriftsfinansiering, har Innovasjon Norge fleire ikkje-finansielle verkemiddel, som kompetanseprogram, og spesialistkompetanse på fleire fagfelt. Nokre døme på såkalla immaterielle rettar er eksport og eit stort ute-apparat i omlag 30 land. Desse verkemidla vil bli brukt i satsinga.
- SIVA er operatør for næringshage- og inkubatorprogrammet. Begge programma skal dokumentere utvikling av kunnskapsintensiv tenesteyting og samarbeid med FoU-miljø.
- Partnarskapen er samde om å utvikle felles retningslinjer i aktiv bruk av innkjøpsregelverket, dette for å utvikle konsulentbransjen.

Justert måltal for målgruppa kunnskapsintensive private tenesteytande næringar :

#### Mål:

- Tal årsverk innan bransjane:
  - Måltal fram mot 2025 er ei utvikling på line med fylka utanom dei fem sørnorske storbyfylka
- Verdiskapinga
  - Måltal fram mot 2025 er utvikling på line med fylka utanom dei fem sørnorske storbyfylka

#### Ansvar:

Innovasjon Norge og SIVA

### 3.8.5. Forskings- og utviklingsstrategi

Forskning og utvikling som del av verdiskapingsplanen, skal ankrast i målet om å utvikle attraktive arbeidsplassar for framtida.

Prioritert innsats er innbakt både i bransjesatsingane og i dei fire punkta ovanfor:

- Forskingsmobilisering gjennom VRI4, der reiseliv, fornybar energi, sjømatnæringane og landbruk er prioritert.
- Forskingsfinansiering gjennom regionalt forskingsfond Vestlandet
- Kapasitetsløft for å utvikle eit sterkt forskingsmiljø i Sogn og Fjordane innan digitalisering, automatisering, robotikk og stordata.
- Utvikling av test- og demonstrasjonsfasilitetar knytt til Teknologicampus i Førde.

Regionalt forskingsfond får formulert nye føringar frå og med 2020. Innan den tid har Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane formulert slike prioriterte forskningstema:

RFF Vestlandet skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere for og finansiere forskning innan desse tema:

- Nye berekraftige løysingar som byggjer vidare på teknologi og kompetanse innan hav-energiøkonomien, her inkludert heile spekteret av maritime næringar.
- Sterke næringsmiljø på heile Vestlandet. Det skal også vere ei særleg merksemd på industrialisering og vidareforedling av råvarer.
- Bærekraftig matproduksjon og nye samanhengar innan bioøkonomi.
- Innovasjon i offentleg sektor, med vekt på tenesteproduksjon og samfunnsutvikling i kommunane.
- Smarte, berekraftige, klimavennlege og langsiktige løysingar for Vestlandet, samt korleis vi forstår drivkreftene i utviklinga av landsdelen vår.

Forskingsfondet har mellomanna finansiert studien Drivers of regional economic restructuring - actors, institutions and policy (2017-2020). Eit viktig tema i studien er kva styrke næringslivet på Vestlandet har i utvikling av den grøne omstillinga vi står framfor. Studien gir venteleg verdifull innsikt som kan brukast til å utvikle ein enno meir treffsikker forskingsagenda for miljøvennleg fornying, omstilling og spesialisering.

### 3.8.6. Internasjonalt samarbeid

Internasjonalt samarbeid gir tilgang på kunnskap og skal vere ankerfesta i satsingane og målet om å utvikle attraktive arbeidsplassar for framtida. Basert på verdiskapingsplanen<sup>30</sup> er det peika på desse prioriterte tema for internasjonalt samarbeid:

- Utvikling av kunnskapssamfunnet Sogn og Fjordane
  - Å hente inspirasjon til å utvikle nye løysingar
  - Å delta i forskning og utvikling
  - Å styrke opplæringssamarbeid
- Fornybar energi
- Blå vekst
- Reiseliv, landskapsforvaltning («Eco services») og lokal mat

Partnerskapen ønskjer at verdiskapingsplanen også tener som vår plan for «smart spesialisering», og at vi knyter oss opp mot europeisk læring og samarbeid basert på denne metodikken.



Teknologicampus-prosjektet vart mellom anna bygd på røynsler frå studietur til Helgeland.  
Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune/Lars Hustveit.

<sup>30</sup>Internasjonale prioriteringar basert på Verdiskapingsplanen: [https://issuu.com/designgasta/docs/verdiskapingsplanen\\_brosjyre\\_issuu](https://issuu.com/designgasta/docs/verdiskapingsplanen_brosjyre_issuu)

### 3.9. Ansvar for gjennomføring. Partnerskapsavtalar



Foto: Rawpixel on Unsplash

#### 3.9.1. Partnerskapsavtalar - kunnskap og nyskaping

Vi etablerer ansvarsfordeling og felles retningslinjer i partnerskapsavtalar for å sikre forpliktande medverknad.

Verkemidla til Noregs Forskringsråd, SIVA og Innovasjon Norge er sentrale. Det er laga ein avtale for desse aktørane sitt samarbeid med fylkeskommunane. I 2018 og 2019 vil Næringsforum invitere desse to nasjonale verkemiddelaktørane til årlege dialogmøte om arbeidsfeltet kunnskap og nyskaping.

	Arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar	Nettverk	Møteplassar	Kunnskapsintensive tenesteytande næringer
Høgskulen på VL			A («teknoløft»)	
Maritim Forening			A («havrommet»)	
SIVA				A
Innovasjon Norge				A
NAV	A (arbeidskraftbehov)			
FK v/NKA		A	A	
FK v/OA	A (utdanning)			

Oversikt over etablert ansvarsfordeling i partnerskapen (A = Hovudansvar).

Nærings- og kulturavdelinga (FK v/NKA) er administrativt ansvarleg for koordinering av satsinga innan kunnskap og nyskaping. Næringsforum er styringsgruppe for arbeidet.

Næringsforum er leia av Sogn og Fjordfane fylkeskommune, Nærings- og kulturavdelinga. Deltakarar i tillegg er NHO, LO, Innovasjon Norge, Høgskulen på Vestlandet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NAV, KS, Fiskeridirektøren og Sogn og Fjordane fylkeskommunen, Opplæringsavdelinga



## 3.9.2. Ansvar for bransjesatsingane

Petroleumsrådet har ansvar for satsinga innan olje og gass. Næringsforum er styringsgruppe for satsinga reiseliv. Forumet føreset vidare at dei hovudansvarlege i lista nedanfor tek opp saker i Næringsforum, dersom dei meiner at avklaringar på leiarnivået er naudsynt.

Satsing	Del av satsing	Hovudansvar	Avtalar / Organisering
Fornybar energi		FK v/ NKA	FK ansvar for satsinga
	Fornyning / Mobilisering	Forum for Grøn Energi	Avtale / NKA sekretariat
	Hydrogensatsinga	NKA / Maritim Forening	Org. som prosjekt
	Maritim fornybar energi	Maritim Forening	Avtale
Sjømatnæringane		FK v/ NKA	FK ansvar for satsinga
	Rekruttering og kompetanse	FK v/ NKA	Programgruppe
	Arealbruk i sjømatnæringane	FK v/ NKA	Programgruppe
	Innovasjon og nyskaping	FK v/ NKA	Oppdragsbrev
Reiseliv		FK v/ NKA	Styre: Næringsforum
	Infrastruktur i reiselivet	FK v/ NKA	-
	Aktørprogrammet	Innovasjon Norge	Avtale
	Mat og reiseliv	FM, Landbruksavdelinga	Under planlegging
Olje og gass		Petroleumsrådet	FK v/NKA sekretariat
	Politisk påverknad	Petroleumsrådet	FK v/NKA sekretariat
	Utvikle leverandørindustrien	Maritim Forening	Avtale
Landbruk		FM, Landbruksavdelinga	FM, Landbruksavdelinga arbeider på grunnlag av årleg samrådsmøte og godkjend Regional plan/ årsplan
	Verdiskaping v/ prod. & foredl.	FM, Landbruksavdelinga	
	Sysseting og busetnad	FM, Landbruksavdelinga	
	Forsking, utvikling & innovasjon	FM, Landbruksavdelinga	
	Nasjonale rammevilkår	FM, Landbruksavdelinga	

### 3.9.3. Felles føringar i partnarskapsarbeidet

Næringsforum har drøfta desse retningslinene som felles føringar for arbeidet

- Arbeidet er ankerfesta i målet om å skape attraktive arbeidsplassar.
- Store samfunnsutfordringar skal ha prioritet; det grønne skiftet, modernisering av velferdstenester, store teknologiskifte.
- Initiativrike miljø vert prioriterte. Partane erkjenner at innovasjon lukkast best «nedanfrå og opp»
- Arbeidet med omstilling og nyskaping skal vere ankerfesta i eksisterande styrke i regionen og knytast til tankesettet «smart spesialisering». Fornyng handlar ofte om å sjå nye koplingar på tvers av bransjar. Vi vedgår at dette er eit forbetningspunkt i høve til noverande arbeid
- Fram til det nye Vestland fylke har etablert eigne strategiske planar, har partnarskapen fokus på lokale innovasjonsmiljø i Sogn og Fjordane. Dei vidaregåande skulane som kompetansesenter er ein del av ei slik tenking.
- Kapasitetsløftet innan teknologiutdanning og -forskning skal integrerast i arbeidet med nyskaping og omstilling.
- Ambisjonen om at fylket skal utmerke seg i bruk av fornybar energi vil bli utvikla. Dette skal skje både ved at energi vert eit bransjeuavhengig tema, alle er jo energibrukarar, og ved at vi prioriterer internasjonalt samarbeid om energi og klima.
- Partane ønskjer å bruke innkjøp både for å stimulere til nyskaping og for å styrke marknadsgrunnlaget for kunnskapsintensive tenesteytande næringar i fylket.

Roller og ansvar ut over denne oversikta vert utdjupa i administrative partnarskapsavtalar.

Målet er at desse skal vere underteikna innan 31. august 2018



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto framside: Lefdal Mine Datacenter